

”Litt vanskeleg og litt keisamt, eigentleg”

Ei granskning av normoppfatningar hjå unge nynorskbrukarar

Helga Ramstad Vatsaas



Mastergradsoppgåve i lingvistikk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar

Universitetet i Bergen
Haust 2018

Samandrag

Denne granskingsa har som hovudmål å få djupare innsikt i kva for oppfatningar unge nynorskbrukarar har av nynorsknormalen, med omsyn til følgjande spørsmål:

1. *Samsvarar elevane sin oppfatta normal med den faktiske normalen?*
2. *Samsvarar elevane sin oppfatta kjennskap med den faktiske kjennskapen dei viser?*

Hensikta med denne problemstillinga var å belyse spørsmåla, heller enn å svare på dei. Dette freista eg å gjere ved å gjennomføre ei spørjegranskning blant 10. trinn ved ein mellomstor nynorskskule på Sunnmøre, og seinare intervjuje eit utval av elevane. Eg ville først og fremst forsøke å få innsyn i korleis nynorsknormalen ser ut i elevane sine auge, og korleis dei oppfattar sin eigen kjennskap til han. Vidare ville eg finne ut noko om elevane sin faktiske kjennskap og normtryggleik gjennom å sjå på formval og oppfatningar av kva variantar som er tillatne og ikkje ifølgje nynorsknormalen.

Resultata viser at elevane, sett under eitt, følgjer ein oppfatta normal som på enkelte punkt avvik frå den faktiske nynorsknormalen, noko som også kjem til syne i normkjennskapen dei viser.

Abstract

This thesis aims to study what perceptions young users of Norwegian Nynorsk have of the official Nynorsk norm, with respect to the following research questions:

1. *Do the students' perceptions of the norm correspond with the actual norm?*
2. *Do the students' perceptions of their own knowledge surrounding the norm correspond with the actual knowledge they display in the survey?*

The purpose of these research questions was to shed light on them, rather than to answer them. I set out to do this by carrying out a survey among 10th graders at a medium sized Nynorsk school in Sunnmøre, and later interview a selection of the students. First and foremost I wanted to find out what the norm looks like in the eyes of the students, and how they perceive their own knowledge surrounding it. Secondly, I wanted to learn something about what actual knowledge the students possess by looking at choice of forms and perceptions of what variants are permitted or not, according to the Nynorsk norm.

The results show that the students, viewed as a whole, follow a perceived norm which somewhat deviates from the actual norm, something that is reflected by their demonstrated knowledge.

Føreord

Eg vil nytte dette høvet til å takke for all hjelp eg har fått under arbeidet med denne oppgåva:

Først og fremst vil eg takke elevane som har delteke i granskinga.

Sjølv om det er litt vanskeleg, og litt keisamt, voner eg at de vil halde fram med å skrive nynorsk, også etter at de er ferdige i skulen.

Dernest vil eg takke rettleiarane mine Øivin Andersen og Endre Brunstad for gode innspel.

Takk til alle i det rauda huset, og spesielt til korrekturansvarleg, Marte.

Og sjølvsagt takk til Ole T. for distraksjon og fjas.

Sykylven, 2. september 2018

Helga Ramstad Vatsaas

Innhold

1. INNLEIING	1
1.1 BAKGRUNN FOR PROSJEKTET.....	1
1.2 PROBLEMSTILLING OG TILNÆRMING.....	3
1.3 DISPOSISJON.....	4
2. TEORETISK BAKGRUNN	6
2.1 NORM, NORMERING OG SPRÅKPLANLEGGING.....	6
2.1.1 <i>Normomgrepet</i>	6
2.1.2 <i>Normering og planlegging</i>	8
2.1.3 <i>Språknormering i Noreg</i>	10
2.1.4 <i>Rettskrivinga av 2012</i>	12
2.2 VALFRIDOM	13
2.2.1 <i>Einskaps- og folkemålsprinsippet</i>	13
2.2.2 <i>Tidlegare studiar</i>	14
2.3 SPRÅKOPPFATNINGAR.....	18
2.3.1 <i>Oppfatning og haldning</i>	18
2.3.2 <i>Tidlegare studiar</i>	19
3. METODISK TILNÆRMING.....	22
3.1 FØREARBEID	22
3.1.1 <i>Struktur og planlegging</i>	22
Pålitlegeheit, gyldigheit og generaliserberrheit.....	23
3.1.2 <i>Variantutval</i>	25
Kontrastord	26
Determinativ.....	26
Forenkling - fleirtalsbøyning av hankjønnsord.....	26
Forenkling - Valfri y/ø i stammen	27
3.1.3 <i>Informantane</i>	28
3.1.4 <i>Spørjeskjema</i>	30
3.1.5 <i>Intervju</i>	32
3.2 GJENNOMFØRING	34
3.2.1 <i>Spørjegranskning</i>	34
3.2.2 <i>Intervju</i>	34
3.3 ETTERARBEID.....	36

4. RESULTAT OG DRØFTING	37
4.1 NORMOPPFATNINGAR.....	38
4.1.1 Haldningar.....	38
Hovudmålet nynorsk	39
Korrekt språkbruk.....	43
Emosjonelle bindingar	45
4.1.2 Oppfatta kjennskap til norm og valfridom.....	45
Norm	46
Valfridom	51
4.1.3 Tilhøve mellom nynorsk og bokmål.....	53
Lett å bruke?.....	54
Bokmålsinnverknad og aktiv avstand.....	57
4.1.4 Tilhøve mellom nynorsk og talemål	61
Talemålsinnverknad.....	61
4.2 NORMKUNNSKAP	67
4.2.1 Normtryggleik og faktisk bruk.....	67
4.2.2 Medvit	73
5. KONKLUSJON	80
5.1 FUNNA	80
5.2 PROBLEMSTILLINGA.....	84
5.3 METODISKE REFLEKSJONAR	85
6. AVRUNDING.....	87
LITTERATUR	88

Figurar og tabellar

Figur 1 Firetrinnsmodell for språkplanlegging, Haugen (1983: 270)	9
Figur 2 Utsnitt frå spørjeskjema, oppgåve 1	30
Figur 3 Utsnitt frå spørjeskjema, oppgåve 2	31
Figur 4 Utsnitt frå spørjeskjema, oppgåve 3	32
Figur 5 Resultat "Er du nøgd med å ha nynorsk som hovudmål?"	39
Figur 6 Resultat "Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?"	40
Figur 7 Resultat "Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?"/ "Er du nøgd med nynorsk som hovudmål?" - Ja	40
Figur 8 Resultat Korleis bor norma sjå ut?	42
Figur 9 Resultat "Er det viktig for deg å skrive rett på nynorsk?"	43
Figur 10 Resultat "Er det viktig for deg å skrive rett på bokmål?"	43
Figur 11 Resultat "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"	46
Figur 12 Resultat "Brukar du ordbok når du skriv?"	48
Figur 13 Resultat "Kva brukar du ordboka oftast til når du skriv nynorsk?"	49
Figur 14 Resultat "Kvífor brukar du ikkje ordbok?"	49
Figur 15 Resultat "I løpet av skulegangen har eg utvikla min eigen måte å skrive nynorsk på"	51
Figur 16 Resultat "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" 2	54
Figur 17 Resultat "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i bokmål"	54
Figur 18 Resultat "Eg synest den eine målforma er vanskelegare enn den andre"	55
Figur 19 Resultat "Når har du mest bruk for ordbok?"	56
Figur 20 Resultat "Trur du at du nokre gongar blandar inn bokmål når du skriv nynorsk?"	57
Figur 21 Resultat "Eg kan bli usikker når eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som bokmålsord"	58
Figur 22 Resultat "Da"	59
Figur 23 Resultat "Nå"	59
Figur 24 Resultat "Skole"	60
Figur 25 Resultat "Bare"	60
Figur 26 Resultat "Kva målform brukar du når du noterar i timane? (Ikkje engelsk)"	62
Figur 27 Resultat "Eg kan bli usikker når eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som dialektord"	63
Figur 28 Resultat "Trur du at du nokre gongar blandar inn di eiga dialekt når du skriv nynorsk?"	64
Figur 29 Resultat Resultat 2. person fleirtal subjektsform	65
Figur 30 Resultat 2. person fleirtal objektsform	65
Figur 31 Resultat Nokon/Noen/Noken	66
Figur 32 Resultat syster/søster	67
Figur 33 Resultat fyrst/først	67
Figur 34 Resultat "Dykkar"	68
Figur 35 Resultat "Dokkar"	68
Figur 36 "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Ja nokre gongar	73
Figur 37 "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Nei, aldri	74
Figur 38 "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"/ "Kvífor brukar du ikkje ordbok?" - Eg har ikkje behov for det	74
Figur 39 Resultat "Dokkar"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Ja, nokre gongar	75
Figur 40 Resultat "Dokkar"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Nei, aldri	75
Figur 41 Resultat "Dokkar"/ "Kvífor brukar du ikkje ordbok?" - Eg har ikkje behov for det	76
Figur 42 Resultat "Skole"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Ja, nokre gongar	76
Figur 43 Resultat "Skole"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Nei, aldri	76
Figur 44 Resultat "Skole"/ "Kvífor brukar du ikkje ordbok?" - Eg har ikkje behov for det	77
Figur 45 Resultat "Skole"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ikkje i det heile + Litt	77
Figur 46 Resultat "Skole"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ganske + Veldig	77
Figur 47 Resultat "Skole"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Verken eller	78
Figur 48 Resultat "Dokkar"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ikkje i det heile + Litt	78
Figur 49 Resultat "Dokkar"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ganske + Veldig	79
Figur 50 Resultat "Dokkar"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Verken eller	79

Tabell 1 Skriftspråkskategorisering, Berg (1999: 50)	16
Tabell 2 Variantutval	28
Tabell 3 Utval oppgåve 1	30
Tabell 4 Utval oppgåve 2	31
Tabell 5 Avkryssingar bokmålsvariantar, oppgåve 2	57
Tabell 6 Resultat fleirtalsbøyning "Benk"	70
Tabell 7 Resultat fleirtalsbøyning "Båt"	70
Tabell 8 Resultat fleirtalsbøyning "Dugnad"	71
Tabell 9 Resultat fleirtalsbøyning "Gorilla"	71

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Tidlegare i studielaupet, i samband med forundersøking til ei semesteroppgåve, kom eg over Victoria Rosén (2000) sin artikkel ”Er norsk et naturlig språk?”. Denne artikkelen tek mellom anna føre seg korrelasjonen mellom den offisielle bokmålsnorma og språkbruken i praksis. Gjennom ei korpusundersøking basert på Oslo-korpuset av tagga tekstar (tilgjengeleg frå www.tekstlab.uio.no/norsk/bokmaal/) kom Rosén fram til at det fanst eit misforhold mellom den føreskrivne rettskrivinga og skriftnormbruken. Mange av variantane som då var, og til dels er, inkluderte i bokmålsnorma var, ifølgje Oslo-korpuset, ikkje i bruk i praksis. Samstundes var fleire ikkje-tillatne former (t.d. *hverken*)¹ godt etablerte i bruk (Rosén 2000: 171).

Inspirert av denne artikkelen valde eg å gjennomføre ei liknande undersøking i høve den nemnde semesteroppgåva, men med nynorsk som tema. Arbeidet med denne undersøkinga kravde at eg sette meg inn i både den nynorske skriftnormalen og arbeidet som var gjort med å få denne på plass. I samband med dette las eg stortingsmeldingar, pressemeldingar og sjølvsagt innstillinga til 2012-rettskrivinga. I forordet til sistnemnde beit eg meg i merke følgjande avsnitt:

Måndag 5. januar 2010 skreiv Språkrådet i ei pressemelding: «Styret i Språkrådet har oppnemnt ei rettskrivningsnemnd som skal laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. (...) Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse, heiter det i vedtaket frå styret. (Språkrådet 2011: 3)

¹ *Hverken* har vore tillate i offisiell bokmålsrettskriving sidan 2005

Dette var første gong eg las ordlyden ”tydeleg, enkel og stram”. Ei liknande formulering var også å finne i *Ny nynorskrettskriving frå 2012* (Språkrådet 2012: 3), der det heiter at ”målet for den nye nynorskreforma har vore å få ei tydeleg, enkel og dessutan stabil norm.”.

Denne gjentakande måten å beskrive den nye normalen på fekk meg til å undre på kva som gjer ein skriftnormal ”tydeleg” og ”enkel”, og dessutan korleis språkbrukarane sjølve oppfattar normalen med omsyn til dette. Dette er bakgrunnen for valet mitt om å skrive masteroppgåve med fokus på skriftnorm og språkbrukaroppfatningar.

Om normalen vert oppfatta som tydeleg, enkel og stram let seg vanskeleg måle. Dette ville mellom anna føresett at det låg føre felles etablerte kriterium for kva som gjev ei språknorm desse kvalitetane. Noko som kanskje let seg granske enklare er kor vidt normalen vert oppfatta som lett å bruke, og dermed lett å lære, jamfør utsegna: ” Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse... ” (Språkrådet 2011: 3). Dette kan ein mellom anna studere ved å sjå på oppfatta kjennskap til norma. I oppfatta kjennskap legg eg den kunnskapen eventuelle respondentar sjølv meiner å ha om nynorsknormalen. Denne kjennskapen er naturleg nok basert på kvar enkelt si oppfatning av kva normalen er og kva han rommar, og det vil såleis vere tenleg å granske denne også.

Rosén (2000) omtalar Omdal (1996) som freista å granske normtryggleik blant grunnfagsstudentar i nordisk. Studentane fekk utdelt konstruerte tekstar og blei bedne om å rette dei slik dei sjølve meinte var korrekt. Tekstane inneheldt ord som, etter norma, burde rettast, og former som var tillatne, men som studentane kanskje ikkje kjende til. I samband med dette skriv Omdal: ”De ansvarlige for språknormeringa forutsetter sannsynligvis at det norske folket har fått informasjon om og behersker de sentrale delene av skriftspråksnormene etter obligatorisk skolegang... ” (Omdal 1996: 165-166). Dette gav meg ideen om å gjennomføre ei gransking blant yngre nynorskbrukarar, og aller helst blant yngre nynorskbrukarar som ikkje har utdanning utover obligatorisk skulegang, jamfør målet om at norma skal vere lett å bruke uavhengig av formell utdanning. Eg blei også merksam på at ein ved å granske kunnskap, i tillegg til oppfatningar, potensielt kunne få djupare innsikt i både normoppfatningane og medvitet til respondentane.

1.2 Problemstilling og tilnærming

Målet har vore å laga ei norm for framtida, det vil seia ei norm som unge i dag kan kjenna seg heime i og bruka i alle samanhengar.

(Språkrådet 2011: 34)

Dette sitatet er henta frå *Ny rettskriving for 2000-talet*, innstillinga til rettskrivingsnormalen av 2012, og viser til eitt av prinsippa bak utforminga av denne. Samstundes er det relevant for dette prosjektet, som har som hovudmål å få djupare innsikt i kva for oppfatningar unge nynorskbrukarar har av den offisielle nynorsknormalen. No er det ikkje noko poeng i seg sjølv å forsøke å avdekke kor vidt Språkrådet og rettskrivingsnemnda har lukkast i å lage ei norm unge kan kjenne seg heime i. Men det er spesielt interessant å sjå på kva oppfatningar unge har av ei norm som har vore utvikla med nettopp dei i tankane.

Denne studien tek sikte på å granske korleis ei gruppe ungdomsskuleelevar oppfattar normalen med omsyn til mellom anna valfridom og tilhøve mellom nynorsk og høvesvis bokmål og elevane sitt eige talemål. Dette blir gjort med utgangspunkt i ei todelt problemstilling:

1. *Samsvarar elevane sin oppfatta normal med den faktiske normalen?*
2. *Samsvarar elevane sin oppfatta kjennskap med den faktiske kjennskapen dei viser?*

Her finn eg det naudsynt å presisere at det naturlegvis ikkje er snakk om elevane sitt totale norminventar, men heller oppfatningar innanfor eit avgrensa område som vil bli definert gjennom gangen av oppgåva.

I granskninga av desse to spørsmåla har eg teke omsyn til fleire aspekt. Det første spørsmålet går på elevane si oppfatning av kva nynorsknormalen er, kva han inneheld og korleis han kan brukast, og kor vidt denne oppfatninga speglar den føreliggande normalen. Denne oppfatninga vil nødvendigvis påverke elevane si oppfatning av eigen kjennskap til norma, noko som leiar ein vidare til spørsmål to. Dette tek føre seg elevane sine oppfatningar av kva dei sjølve kan og veit i tilknyting til nynorsknormalen. Med andre ord den *oppfatta kjennskapen* deira. Ved å la elevane vurdere sitt eige oversyn over normalen, granske faktisk

kjennskap, og setje desse to opp mot kvarandre kan ein også seie noko om medvitsnivået hjå elevane.

Når det kjem til faktisk kjennskap og oppfatta norm er det spesielt interessant å sjå på kva kjennskap dei framsyner i høve valfridomen i nynorsk, og kva variantar dei meiner høyrer til under nynorsknormalen. Dette er tett knytt til både bokmål og elevane sitt eige talemål. Spørsmålet her blir mellom anna i kva grad elevane klarer å skilje mellom nynorsk, bokmål og talemål. *Haldning* er eit høgst relevant omgrep i når det kjem til oppfatning, og innsikt i elevane sine tankar, kjensler og opplevingar i møte med nynorsk kan seie mykje om utgangspunktet deira. Gjennom haldningsgransking kan ein også finne ut noko om korleis elevane meiner normalen *bør* sjå ut, og i kva grad dei vektlegg korrekt språkbruk.

1.3 Disposisjon

Denne oppgåva består av fire hovudkapittel, etterfølgd av eit avrundingskapittel heilt til slutt. Kapitla, med tilhøyrande delkapittel, er organiserte med omsyn til samanheng og oversyn. Dei fire hovudkapitla er, i rekjkjefølgje, *teoretisk bakgrunn, metodisk tilnærming, resultat og drøfting* og *konklusjon*. Eg vil her gjere kort greie for kva kvart enkelt av desse kapitla inneholdt.

Teoretisk bakgrunn

Kapittel 2 tek føre seg den teoretiske grunnmuren oppgåva er bygd på. Ettersom oppgåva i sin heilskap kan seiast å gå under feltet *språknormering* har eg sett av fleire delkapittel til å diskutere nøkkelomgrep, og til å gjere greie for, og drøfte, problematikk og viktige hendingar i den norske språknormeringa. Prosjektet tek sikte på å granske oppfatningar av den gjeldande nynorsknormalen, difor vil eg også presentere enkelte hovudtrekk ved denne, og nokre av prinsippa bak. Valfridom er ein viktig del av norsk språknormering og har hatt mykje å seie for korleis dei norske målformene har sett ut. Eg stiller meg tvilande til at deltakarane har noko særleg kjennskap til valfridomen, og eg har såleis unngått å stille dei direkte spørsmål om dette. Likevel meiner eg at valfridomen er eit så viktig aspekt ved nynorsknormalen og for oppgåva som heilskap, at eg har viggd han eit delkapittel.

I dette kapittelet vil eg mellom anna presentere eit utval tidegare studiar på området. Til slutt tek eg føre meg språkoppfatningar.

Metodisk tilnærming

I dette kapittelet vil eg plassere prosjektet mitt innanfor vitskapsteoretiske rammer og presentere sentrale vitskapsteoretiske omgrep og metodologiar. Granskinga består av eitt kvantitativ og eitt kvalitativt element - ei nettbasert spørjegranskning med påfølgjande intervju. Eg vil forsøke å gjere greie for kvifor eg har nytta nettopp denne tilnærminga til prosjektet og korleis eg har valt å gjennomføre dei respektive elementa med omsyn til førearbeid og gjennomføring. Her vil eg også gjere greie for kva område innanfor normalen eg freistar å granske.

Resultat og drøfting

Eg har valt å presentere og drøfte resultatata under eitt. Dette for å gjere dei heile meir oversiktleg. Kapittelet er delt inn i dei to hovuddelane *normoppfatning* og *normkunnskap*. Den første delen består av resultat knytt til korleis elevane oppfattar både nynorsknormalen og eigen kjennskap til denne, medan den andre ser på faktisk normtryggleik og bruk, så vel som medvit. Eg vil presentere relevante resultat frå spørjegranskninga og utdjupe dei ved hjelp av utsegner frå intervjeta, og undervegs drøfte tydinga av resultatata og kva dei eventuelt inneber.

Konklusjonar

I dette kapittelet ynskjer eg å runde av diskusjonen frå kapittelet før, og seie noko om resultatata i høve til problemstillinga. Hensikta med dette kapittelet er ikkje å konkludere i ordet si rette forstand, men heller å seie noko om eventuelle tendensar i funna.

2. TEORETISK BAKGRUNN

2.1 Norm, normering og språkplanlegging

Det sentrale i denne oppgåva er den nynorske skriftnormalen. For å kunne drøfte oppfatninga av denne er det føremålstenleg å sjå nærmare på kva ei språknorm er, korleis ho fungerer og korleis ho vert regulert i språkbruksamfunnet. I dei påfølgjande avsnitta vil eg presentere sentrale omgrep som *språkplanlegging*, *språkpolitikk*, *språknormering* og *språkrøkt*. Delkapittel 2.1.3 tek føre seg språknormering i Noreg og den nynorske normeringsprosessen gjennom åra, før eg i det påfølgjande kapittelet vil leggje fram enkelte hovudtrekk frå rettskrivinga av 2012 og prinsippa bak denne. Til slutt vil eg ta føre meg valfridom og språkoppfatningar, og presentere eit utval tidlegare studiar på desse felta.

2.1.1 Normomgrepet

Normer kan ein forklare som sosiale reglar eller rettesnorer som seier noko om kva som er forventa eller akseptabelt/uakseptabelt på ulike områder. Dersom normene oppnår ein spesiell status og funksjon i samfunnet, kan ein seie at dei er med på å styre korleis vi oppfører oss, korleis vi handlar, og også korleis vi skriv og snakkar (Mæhlum 2008: 91, Vikør 2007: 70). Det er sistnemnde som er interessant her, nemleg språknormer. Normer generelt, og språknormer spesielt kan delast inn og grupperast på fleire ulike måtar. Eg vil presentere eit utval av desse her.

Vikør (2007) deler språknormer inn i, mellom anna, *grammatiske normer* og *bruksnormer*. Dei grammatiske normene styrer kva som er grammattisk korrekt og ikkje i eit gjeve språksystem, medan bruksnormene tek føre seg kva variantar og varietatar som høver seg i ulike kontekstar (Vikør 2007: 72). I dette normskiljet er normene definerte ut frå reint språklege kriterium.

Eit anna skilje går mellom *internaliserte* og *fastsette normer*. Svært forenkla kan ein seie at dette skiljet handlar om medvit i tileigninga av normer. Internaliserte språknormer er dei normene vi har tileigna oss umedvite gjennom heile livet, og hovudsakleg som barn. Desse

normene rår på alle språklege nivå, som grammatiske normer, og har innverknad på den kommunikative kompetansen vår, som bruksnormer (Vikør 2007: 72, Røyneland 2008: 28). Vikør (2007) skriv at ”Grunnlaget for dei internaliserte språknormene blir lagt i barndommen og den tidlege ungdommen, men dei er ikkje ”ferdig utvikla” ved ein viss alder i den forstand at dei stabiliserer seg og ikkje forandrar seg meir.” (Vikør 2007: 72). Det er altså ikkje slik at ein sluttar å vere i stand til å endre språknormer, men ein er langt meir mottakeleg tidleg i livet.

Fastsette språknormer er vedtekne og nedskrivne normer som gjerne er regulerte av eit slags organ. Dette er normer som ikkje er tekne opp umedvite, men som heller er innlært gjennom formell undervisning (Vikør 2007: 74). Fastsette normer kan også omtala som *eksplisitt formulerte normer*, då som ein motsetnad til ”*tause*” normer, og er ofte uttrykte gjennom eksempelvis ordbøker og grammatikkar (Brunstad 2000: 48). Dei fastsette normene er hovudsakleg retta mot skriftspråk (Vikør 2007: 75), og der andre normer er meint som rettesnorer, fungerer mange av desse som reglar. Avvik frå skriftnormalen blir ikkje berre vurderte som avvik, men som feil (Vikør 2007: 74). Der er likevel eit skilje mellom normer for *rett* språk, og normer for *godt* språk. Normene for god språkføring er ikkje nødvendigvis like klåre som dei for korrekt språkføring (Brunstad 2009: 91).

Medan dette skiljet seier noko om korleis normer kjem til uttrykk i språkbrukarane, nyttar Dyvik (2003) eitt som heller seier noko om kva normer som er offisielt formulerte og kva normer som faktisk er i bruk i samfunnet. Dette skiljet går mellom *operative* og *preskriptive* normer, og korresponderer delvis med skiljet fastsett/internalisert.

Operative normer forklarar Dyvik som ”... normer som eksisterer som en stilltiende overenskomst mellom språkbrukerne.” (Dyvik 2003: 4). Desse normene kan ein samanlikne med internaliserte normer i det at dei ligg i språkbrukaren utan å vere formulerte. Dyvik meiner at nemninga *internaliserte normer* er for individ-orientert ettersom slike normer oppstår gjennom samspel mellom språkbrukarane (Dyvik 2003: 4). Preskriptive, eller føreskrivne, normer er dei normene som er formulerte av eit organ eller liknande med autoritet til å gjere dette. Desse normene seier Dyvik at rår over eit heller lite felt av språket, og at dei i høve skriftspråk berre femnar om ”...ortografi, fonologi slik den reflekteres i ortografien, bøyning og avledning” (Dyvik 2003: 5).

Språkrådet nyttar alle dei tre nemnde normskilja i ulike samanhengar. Då denne oppgåva tek føre seg oppfatningar på individnivå og korleis normene kjem til uttrykk i individua, vil eg halde fast på skiljet mellom internaliserte og fastsette normer.

Vannebo (1980) skriv at normer for skriftspråk ofte vil vere mindre internaliserte enn normer for talespråk, gjeve at det er snakk om den første innlærte norma. Dette meiner han mellom anna har samanheng med at skriftspråksnormer ofte er meir fastsette enn internaliserte i språkbrukaren (Vannebo 1980: 10). Vannebo snakkar også om ei emosjonell binding til internaliserte normer, som ein ofte ikkje ser til fastsette normer. Dette kan det likevel vere uklåre grenser for:

Graden av emosjonell binding vil for øvrig kunne variere - i hvilken utstrekning det foreligger innholdsmessig overensstemmelse mellom den internaliserte og den fastlagte språknormen, og av i hvilken utstrekning normsbjektet sjøl «slutter seg til» og aksepterer den fastsatte normen. (Vannebo 1980: 10)

Dette kan ein ta til å meine at det i høve med samanfall mellom internalisert og fastsett norm (t.d. eige talemål og skriftnormal) vil kunne oppstå ei emosjonell binding til den fastsette norma. Dette er eit interessant aspekt eg vil kome tilbake til seinare.

2.1.2 Normering og planlegging

Språkplanlegging (engelsk *language planning*) er definert på fleire ulike måtar.

Nynorskordboka definerer det som ”medviten styring av språktihøva i eit samfunn”. I fag litteraturen har det vore omtalt som mellom anna normativt arbeid utført av komitear, medviten og tilskikta språkendring, og evaluering av lingvistisk endring (Haugen 1972, Rubin og Jernudd 1971).

Vikør (2007) skriv at språkplanlegging kan beskrivast som prosessen ved å fastsette normer og reglar for kva som er rett og godt språk (Vikør 2007: 101). Dette omfattar både faktisk bruk og utvikling på alle språknivå. Språkplanlegging er, ut frå denne tydinga, ikkje det same som *språkpolitikk*, men det er heller ikkje enkelt å skilje dei to omgropa klårt frå kvarandre. Språkpolitikk kan seiast å vere ”politiske tiltak for å påverke språktihøva i samfunnet”

medan språkplanlegging kan forklarast som ”dei faglege tiltaka for å påverke sjølve bruken og utviklinga av ein bestemt normal (Vikør 2007: 101). Språkpolitikken går med andre ord meir på bruksområde og status for ulike varietatar. Eit tema for språkpolitikken er dømesvis tilhøvet mellom nynorsk og bokmål i det offentlege (Vikør 2007: 101).

Språknormering og *språkrøkt* kan seiast å vere norske omsetjingar av høvesvis trinn to og fire (*codification* og *elaboration*) i Einar Haugen (1966) sin firetrinnsmodell for språkplanlegging (Vikør 2007: 107). Dei resterande trinna, høvesvis ein og tre, er *utval* (*selection*) og *implementering* (*implementation*) (Haugen 1983: 270). Desse to går meir på samfunnsaspektet ved språkplanlegging, heller enn det reint språklege, og er såleis ikkje av vidare interesse her. Firetrinnsmodellen er for ordens skuld framstilt i Figur 1 under.

	Norm	Function
Society	(1) selection	(3) implementation
Language	(2) codification	(4) elaboration

Figur 1 Firetrinnsmodell for språkplanlegging, Haugen (1983: 270)

Med *normering* er det her meint *normfastsetjing* (Vikør 2007: 107). Gjennom språknormering set ein opp eit rammeverk ved å lage ein grunnmur for språket, beståande av reglar for rettskriving, bøyning og uttale. Desse nivåa av språkoppbygningen er meir utsett for detaljnormering, og kan omtalast som *normkjerner* (jf. Bleken 1996 i Vikør 2007). Språknormering kan ein beskrive som den formelle delen av språkplanlegging, der ein tek føre seg detaljar og fastset reglar for rett og gale (Vikør 2007: 117).

Gjennom språkrøkt vert skriftspråk utvikla og forbetra gjennom regulering eller utbygging av til dømes ordtilfang, uttrykk og setningsoppbygging. Desse nivåa blir, i motsetnad til dømesvis rettskriving og bøyning, ikkje regulerte av fastsette reglar. Føremålet med språkrøkt er å ”...sørge for at språket heile tida kan oppfylle nye skiftande behov hos språkbrukarane og språksamfunnet.” (Vikør 2007: 107). Språkrøkt vil ikkje bli via noko vidare merksemde her.

Omgrepet *normal* er sentralt for denne oppgåva og vil opptre frekvent vidare. Difor er det på sin plass med ei omgrepsavklåring. Omgrepet vil her vere nytta etter Vikør (2007) sin definisjon, og *normal* kan då forklarast som ”eit konkret sett av reglar for korleis ein språkvarietet skal skrivas og uttalas.” (Vikør 2007: 75). Her er det skriftspråk som er interessant, og sistnemnde kan difor strykast. Det er også verdt å nemne at vi i Noreg ikkje har fastsette uttalenormer. Med andre ord er *normal* settet av fastsette normer i form av rettskriving.

2.1.3 Språknormering i Noreg

Normering av nynorsk og bokmål fell under Språkrådet sitt arbeidsfelt. Dei har fleire omsyn å ta i dette arbeidet. I *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk* står det følgjande:

Rettskriving og bøyning kan sjåast på som relativt overflatiske sider av språket, men samstundes er det særleg rettskriving og bøyning som gjev skriftspråket ein umiddelbar identitet og gjer det attkjennande som det same språket frå tekst til tekst. Dette er igjen ein føresetnad for at skriftspråket lett skal kunna lærest. Å halda skriftspråket einskapleg nok til at det lett kan kjennast att, blir difor ein viktig del av arbeidet for å halda skriftspråket oppe i det heile. (Språkrådet 2015: 5).

Dette med *einskapleg språk* går heilt tilbake til Ivar Aasen og viser mellom anna til at skriftnormalen må vere klår og tydeleg, noko som bidreg til at han blir lettare å bruke. Ein viktig målsetnad for den norske språknormeringa er at ”den vanlige språkbrukeren har kunnskap om språknormene.” (Omdal 1999: 182). Denne målsetnaden har vist seg å by på visse problem, mellom anna grunna av variasjonen innanfor, og mellom, målformene. I samband med språknormering, og språkrøkt, vil det alltid dukke opp utfordringar, og for ein nasjon med to målformer blir utfordringane kanskje enda større. Eit typisk eksempel på dette er ”ordforrådet i grenseland mellom nynorsk og bokmål” (Omdal og Røsstad 2009: 9). Kva skal ein dømesvis gjere for å skilje dei to målformene frå kvarandre, eller for å gjere det tydeleg kva ord ein kan bruke og ikkje? Desse utfordringane blir desto større dersom det stadig blir gjort endringar i språknormene. Ved gjentekne eller store endringar risikerer ein at delar rett og slett ikkje blir plukka opp av folk flest som er ferdige med skulegangen. Ein kan ikkje rekne med at den ”vanlege” språkbrukaren vil halde seg oppdatert på eige initiativ.

Dette fører til at mange, tilsynelatande, ikkje sit på den heilt store normtryggleiken (Omdal 1999: 183).

For mange som tidlegare i livet har vore vane med ein annleis normal eksisterer det nok ei usikkerheit kring det å skilje nytt og gamalt. Gunnstein Akselberg formulerer dette slik: ”Det er i skulen den språklege ryggmargsrefleksen vert utvikla, og mange har vanskar seinare i livet med å frigjera seg den språklege normkunnskapen dei internaliserte som elevar.” (Akselberg 1999: 9). Ei slik omstilling tek sjølvsagt tid, men for å kunne oppnå normtryggleik er ein avhengig av å ha ei tydeleg norm, noko som var eit eksplisitt formulert mål i utforminga av rettskrivinga av 2012.

Noko som har ført til store endringar i norsk språknormering dei seinare åra er tilkomsten av internett. Med internett kom moglegheita til å bygge opp store tekstkorpus til nytte i normeringsarbeidet (Språkrådet 2015: 7). Dette gjer at Språkrådet kan få eit betre bilet av den faktisk språkbruken, og såleis kanskje også betre føresetnadar for vidare normeringsarbeid.

Normeringsprosessen

Ettersom fokuset i denne oppgåva ligg på nynorsknormalen er det fornuftig å gjere kort greie for nokre av hovudtrekka i normeringsprosessen denne har vore gjennom. Ivar Aasen meinte på si tid at det nye språket skulle vere konsekvent og heilskapleg, og skreiv i *Om Sprogets Dyrkning* at ”sprogformen bør kun vere een, Ord kunne derimod tages af alle Dialekter med Lempning, om dette behøves.” (Aasen 1860 i Djupedal 1958: 298).

I 1901 fekk det nye skriftspråket, landsmål, si fyrste offisielle rettskriving. Denne følgde i all hovudsak Aasen sin normal og hans einskapsprinsipp (Språkrådet 2011: 30). 16 år seinare, i 1917 kom den fyrste rettskrivinga som tok føre seg begge målformer. Her blei det mellom anna vedteke fleire valfrie former. Dømesvis blei *-a* i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og i bunde fleirtal av inkjekjønnsord tillate, i tillegg til den eksisterande forma *-i* (Språkrådet 2011: 31). Frå og med denne reforma blei tilnærming mellom dei to målformene eit mål. Mykje av valfridomen i både nynorsk og bokmål er oppstått som eit resultat av dette målet.

I 1929 endra målforma namn til nynorsk, og på 30-talet blei systemet med klammeformer innført med 1938-rettskrivinga. Framleis var tilnærming eit mål, samstundes som at ein skulle forsøke å minske talet på dobbeltformer. Desse to måla synte seg å vere vanskelege å kombinere og resultatet blei såleis klammeformsystemet (Språkrådet 2011: 31). I 1959 blei valfridomen enda større med ”Ny læreboknormal 1959”. Etter dette såg ikkje nynorsken nokon reform før i 2012 (Språkrådet 2011: 32).

På 1980- og 1990-talet blei fleire talemålsnære former tekne inn igjen i rettskrivinga, og på slutten av 90-talet var det fleire som meinte at ”...den store valfridommen i nynorsken skaper forvirring blant dei som skal læra nynorsk, og at den offisielle norma burde strammast inn.” (Språkrådet 2011: 32). I 2002 blei tilnærningsparagrafen oppheva og arbeidet fram mot ei ny rettskriving sett i gang (Språkrådet 2011: 33). Grunnlaget for normeringa av begge målformer skulle no vere ”skriftspråka slik dei faktisk ser ut og utviklar seg i tekst” (Språkrådet 2015: 5).

2.1.4 Rettskrivinga av 2012

I 2008 kom Stortingsmelding nr. 35 som ”gav det formelle signalet om at arbeidet med ei rettskrivingsendring måtte setjast i gang att” (Språkrådet 2011: 26), og i 2010 kom beskjeden om at Språkrådet hadde oppnemnt ei rettskrivingsnemnd til å lage den nye norma. Nemnda blei presentert med eit mandat frå Språkrådet, som dei komprimerte ned i fire prinsipp å følgje i arbeidet med normeringa:

1. Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).
2. Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).
3. Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.
4. Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, mens variantar som står sterkt, skal jamstillast. (Språkrådet 2011: 38-39)

Den nye norma skulle vere ”tydeleg, enkel og stram” (Språkrådet 2011: 3) og dermed utan sideformer. Den skulle kunne appellere til flest mogleg, vere stabil og dessutan gjere det ”lettare å vera nynorskbrukar” (Språkrådet 2011: 27).

1. august 2012 tredde den nye rettskrivinga i kraft. Skiljet mellom sideformer og hovudformer var fjerna, bøyingsverket forenkla og enkelte former var tekne ut av rettskrivinga. Kva former som blei verande eller tekne ut av rettskrivinga var avhengig av kva status dei hadde i den nynorske skriftradisjonen og i kva grad dei samsvara med dialektane (Språkrådet 2012: 4). Mykje av valfridomen blei verande fordi mange av formene ”[...] viser samsvar med dialektane, og fordi dei har vorte viktige i skriftradisjonen. Dermed kan dei fleste nynorskbrukarar halde fram med å skrive slik som dei er vane med, og som dei har lært.” (Språkrådet 2012: 4).

2.2 Valfridom

2.2.1 Einskaps- og folkemålsprinsippet

Språkrådet skriv at den nynorske norma alltid har balansert mellom einskapsprinsippet og folkemålsprinsippet (Språkrådet 2002: 30). Einskapsprinsippet følgjer Ivar Aasen sitt syn om ei klår og einskapleg norm som språkbrukarane lett kan følgje (Språkrådet 2011: 31). Tanken bak dette er at ei einskapleg norm er lettare å både lære og halde oversikt over. I folkemålsprinsippet er valfridomen svært sentral. Tanken bak dette prinsippet er at det nynorske skriftspråket skal reflektere dialektmangfaldet og gje kvar enkelt moglegheit til å tilpasse skriftspråket til sitt eige talemål, eller som Språkrådet skriv: ”Nynorskbrukaren skal få overføra ”hjartespråket” til skrift.” (Språkrådet 2002: 30). Også dette prinsippet er meint å vere forenklede, då ein kan førestille seg at det er lettare å skrive slik ein snakkar, noko som også gjer ein moglegheit til å uttrykke identitet med eige skriftspråk (Språkrådet 2002: 30).

Som omtala tidlegare, har nynorsk lenge hatt stor valfridom. Noko av denne blei innskrenka med rettskrivinga av 2012, men mykje står att. Spørsmålet er om folkemålsprinsippet og valfridomen gagnar brukarane. Er stor valfridom eit gode eller eit vonde? Det har vore skrive mykje om valfridomen dei seinare åra, eg vil her presentere tre tidlegare studiar som vil vere relevante for dette prosjektet.

2.2.2 Tidlegare studiar

Valfridom i nynorsk - eit problem for eleven?

I artikkelen *Valfridom i nynorsk - eit problem for eleven?* (2011), basert på masteroppgåva med same namn, tek Anders Aanes føre seg problemstillingar knytt til valfridom og unge nynorskbrukarar. Artikkelen er skriven før den nye rettskrivinga var tredd i kraft, men etter at revideringa av ho var vedteken, og det er nettopp i lys av dette at den er skriven. Allereie då Språkrådet vedtok at ein skulle freiste å revidere nynorsknorma i 2007 var ordlyden ”tydeleg, enkel og stram” å finne, og det låg såleis føre ei spenning kring kva dette skulle innebere (Aanes 2011: 18).

Det var nettopp dette med kor vidt valfridomen i nynorsk kunne seiast å vere eit gode eller eit vonde Aanes freista å finne ut, og då spesielt med tanke på yngre nynorskbrukarar. Han utførte dermed ei granskning blant 282 elevar fordelt på fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal. To av desse var bygdeskular, og to var byskular. Undersøkinga tok føre seg både haldningar og kunnskap (Aanes 2011: 19). Ettersom tematikken i Aanes si granskning og mi eiga går på mykje av det same har eg henta inspirasjon til utforminga av spørjegranskingsherfrå. Ei av delhypotesane Aanes laga seg var følgjande:

Det er ein samanheng mellom kor ofte eleven bruker ordlista og kor godt oversyn eleven har over dei tilgjengelege og rette formene. (Aanes 2011: 20)

Dette er ein interessant tanke og noko eg sjølv har late meg inspirere av. Denne tanken har to sider:

- Elevar som rapporterer om mykje og god bruk av ordliste har god oversikt over tilgjengelege og rette former som følge av dette.
- Elevar som allereie har god oversikt over tilgjengelege og rette former rapporterer om mindre bruk av ordliste som følge av dette.

Altså kan det potensielt vere vanskeleg å undersøke til kva grad rapportert ordlistebruk resulterer i betre oversikt. Dette er likevel ein faktor verdt å granske, og eg vil såleis kome attende til den seinare i oppgåva.

Dei deltagande elevane i Aanes si gransking blei stilt spørsmålet: ”*Gjennom dei tre åra du har gått i den vidaregåande skulen, i kva grad har du forma di eiga «personlege» norm i det nynorske skriftspråket ditt?*” (Aanes 2011: 25). På dette spørsmålet svara heile 47% av elevane med alternativa ”Nokså liten grad” og ”Svært liten grad”. Her er det vanskeleg å seie kva elevane sjølve legg i formuleringa ”personleg norm”. Det er mogleg at enkelte ikkje har forstått kva som er meint, medan andre ikkje har tilstrekkeleg medvit om eigen språkbruk til å kunne svare på dette. Det er likevel eit interessant spørsmål, om ikkje anna enn berre for å få elevane til å reflektere. Ettersom respondentane i spørjegranskninga mi er enda yngre enn Aanes sine er det nok naudsynt å omformulere spørsmålet noko. Sannsynet er stort for at dei ikkje veit kva ei norm er i språksamanheng. Dette er også noko som er interessant å ta med vidare til intervjuet.

I det store og det heile kjem det fram i Aanes si gransking at mange av elevane er usikre i spørsmål kring valfridomen, og spesielt knytt til ordtilfang og kva ”bokmålsord” som kan takast i bruk i nynorsk:

Til dømes kan ein tenkje seg at elevane blir usikre på kva andre ord som er tillatne når mye og noe er lov å skrive. Desse einskildorda som er samanfallande med bokmål, er likevel berre ei handfull ord, og det burde vere greitt å lære seg dette. Verre vil det kanskje vere for elevane å stadig vekk måtte ta stilling til om det skal vere dobbel konsonant, j i ordet, diftong eller monoftong, kort sagt dei delane av skriftspråket som handlar om morfemsystemet (Aanes 2011: 42-43).

Dette med einskildord som er samanfallande med bokmål, og kor vidt desse fører til usikkerheit blant elevane vil eg kome tilbake til i resultatdelen av oppgåva.

Valfridomen og eleven

Celia M. Berg (1999) har også sett på valfridom, normtryggleik og unge språkbrukarar. I artikkelen *Valfridomen og eleven* ser ho på elevopplevelingar av ein vid skriftnormal. Overordna ynskte ho å sjå på mellom anna ”kva forhold språkbrukarane har til skriftspråket sitt og til valfridomen i skriftnormalen [...]” (Berg 1999: 45). Berg gjennomførte ei spørjegranskning blant 89 elevar ved studieførebuande retning ved to skular. Elevane var fordelt på fire klasser- to nynorskklasser og to bokmålsklasser. Spørjeskjemaet var delt inn i tre delar. Spesielt to av desse er interessante her. Den eine av desse gjekk på ”språknormsikkerheit og bruk av valfridomen” (Berg 1999: 46) medan den andre gjekk på haldningar.

Også Berg sine respondentar fekk spørsmål om dei sjølv meinte at dei hadde utvikla ein eigen skriftnormal gjennom skuletida. 71% av elevane svara at dette ”stemmer” eller ”stemmer delvis” (Berg 1999: 46). Her fekk elevane også kome med eigne kommentarar. Enkelte av kommentarane til nynorskelevane fortalte om ein viss bokmåls- og talemålsinnverknad, også kalla interferens. Med tanke på kor mykje ein blir utsett for bokmål i det daglege er det ikkje rart med noko innverknad, både i daglegspråk og skriftspråk, noko Berg også påpeikar. På spørsmål om korleis dei vil karakterisere skriftspråket sitt ser resultatet slik ut:

	Tal BM-inf.	Prosent BM-inf.	Tal NN-inf.	Prosent NN-inf.
Radikalt	11	24%	9	20%
Konservativt	16	36%	12	27%
Talemålsnært	8	18%	17	39%
Anna	9	20%	4	9%

Tabell 1 Skriftspråkskategorisering, Berg (1999: 50)

I tabellen ser vi at 39% av nynorskelevane karakteriserte skriftspråket sitt som talemålsnært. Berg skriv at forklaringane ho får av elevane på dette er det er det som kjennest mest naturleg (Berg 1999: 53). Noko som er spesielt interessant for mi eiga undersøking er at mange av Berg sine informantane fortel om eit meir konservativt skriftspråk i prøvesettingar på skulen, medan dei elles nyttar eit meir radikalt eller talemålsnært skriftspråk (Berg 1999: 54). Dette er noko eg vil kome tilbake til med eigne respondentar.

Elevane i Berg si undersøking fortel også om lite undervisning i valfridom i norskundervisninga. Om dette skriv Berg følgjande:

Alt i alt tyder resultata her på at systemet med valfridom i skriftnormalen for det meste ikkje er tema i undervisninga, noko som fører til liten kunnskap på dette området, og i sin tur til lite valfridom for elevane i praksis. (Berg 1999: 58)

Kor mykje informasjon elevar får om valfridomen og norma i skulen har mykje å seie for kor godt oversyn elevane har. Dette er likevel ei problemstilling eg sjølv har valt å ikkje undersøke. Dette har mellom anna med alderen til respondentane å gjere. Tanken er at dei, om dei har fått undervisning i valfridom, ikkje nødvendigvis har festa seg ved dette, eller har kjent det igjen som valfridomsundervisning.

Bruk av talemålsnære skriftspråksformer i bokmål hos ungdomsskuleelevar

I artikkelen *Bruk av talemålsnære skriftspråksformer i bokmål hos ungdomsskuleelevar* (1999) skriv Roy Johansen om bruk av valfridom i bokmål. Her ser han på korleis, om i det heile, ungdomsskuleelevar nyttar valfridomen i skriftspråket til å spegle talemålet sitt.

Utgangspunktet for undersøkinga er tekstar skrivne av elevane i form av eksamenssvar. Talemålet til elevane samanlikna Johansen med radikalt bokmål, og han nytta ulike trekk karakteriserte som typiske for radikalt bokmål som utgangspunkt. Desse trekka var mellom anna *-a/-en* i bestemt form eintal av hokjønnssubstantiv, ubestemt artikkel framføre hokjønnssubstantiv (*ei/en*) og valfridom mellom diftong og monoftong i preteritum av sterke verb (Johansen 1999: 122). Johansen finn at elevane i liten grad nyttar valfridomen til å skrive talemålsnært då dei fleste tekstane i granskingsa er skrivne på moderat eller konservativt bokmål (Johansen 1999: 124).

For å finne ei forklaring på dette gjennomførte han ei gransking ved ein annan ungdomsskule. Denne med fokus på kunnskap og haldning. I kunnskapsdelen av granskingsa blei elevane tildelte ein tekst med beskjed om å streke under dei orda dei sjølv meinte var feil skrivne. Det viste seg at mange av elevane mangla kunnskap på dette feltet, og mange tillatne ord blei streka under som ”feil”. Mellom anna meinte heile 10% av dei 205 elevane som deltok at *sju* er feil, på trass av at dette var eineform i bokmål på dette tidspunktet (Johansen 1999: 125).

Når ein ser på oppfatningar av ei norm er det tenleg å også sjå på kunnskapsnivået til respondentane, mellom anna for å kunne måle rapportert oversyn og faktisk oversyn opp mot kvarandre. Ved å setje desse opp mot kvarandre får ein også vite noko om medvitet til respondentane.

Den andre granskinga hadde som nemnt også ein haldningsdel. Her fekk dei mellom anna spørsmål om kvifor dei eventuelt ikkje vil skrive talemålsnært. På dette kryssa 113 elevar av for alternativet ”Det er ikke slik jeg har lært å skrive” (Johansen 1999: 130). Det er også verdt å nemne at 90 elevar kryssa av for ”Det er ikke korrekt rettskriving (bokmål)” Johansen 1999: 131). Johansen konkluderer med at årsaka til at elevane ikkje skriv talemålsnært er fleirdelt. Mellom anna meiner han at dei ikkje sit på tilstrekkeleg kunnskap til å nytte seg at valfridomen. Skulda for denne kunnskapsmangelen meiner han at må delast mellom kvar enkelt elev, norsklærarar og Språkrådet. Innverknad frå trykte medium, og ikkje minst elevane sine haldningar har også noko å seie (Johansen 1999: 133). Sistnemnde faktor vil eg drøfte vidare i delkapitlet under.

2.3 Språkopppatningar

2.3.1 Oppfatning og haldning

Det er ikkje lett å konkretisere *oppfatning* som omgrep. Eg har likevel forsøkt å definere dette fenomenet slik det blir nytta i denne oppgåva. Eg vel å sjå på *oppfatningar* som anekdotisk kunnskap basert på generalisering og overtydingar. Eit svært aktuelt omgrep innanfor dette er *haldning*, som eg allereie så vidt har vore innom. Haldning har stor innverknad på vår anekdotiske kunnskap, og når det her vert sett på oppfatningar av norm har haldningane til denne norma mykje å seie.

Haldning blir innan sosialpsykologien forklart som ”...en indre, psykologisk tilbøyelighet hos mennesket” (Kulbrandstad 2015: 248) som vert uttrykt gjennom vurderingar eller evalueringar av omverda. Desse vurderingane kan vere *kognitive*, *affektive* eller *konative* (Kulbrandstad 2015: 248-249). *Kognitiv vurdering* vil seie at ein vurderer noko, her språk, på bakgrunn av kunnskap, og at ein gjennom dette utviklar ei viss haldning til det gitte språket. *Affektiv vurdering* er basert på kjensler, altså kor vidt ein opplever positive eller negative

kjensler knytt til eit språk. *Konativ* vurdering går på handling og dermed korleis ein opptrer i møte med det ein vurderer (Kulbrandstad 2015: 249). Selback (2001) skriv om haldningar at ”dei hjelper oss til å skjøna omgjevnadane, få mest mogleg ut av dei og definera kven me er i hove til dei.” (Selback 2001: 16). Dette med å definere kven vi er heng saman med identitet og identitetskjensle. Ein kan skilje mellom individuell identitet og sosial identitet (Selback 2001: 17) og i ein skulesamanheng er kanskje den sosiale identiteten særleg framtredande. Selback skriv at ”Den sosiale identiteten vår, og med den dei haldningane me har, vil vera avhengig av kva sosiale grupper me tek del i” (Selback 2001: 17). Dette etablerer eit sosialt aspekt ved haldningar.

Oppfatning kan også jamstillast med syn og tolking. Ei vurdering av eigen normtryggleik vil gjerne vere basert på først og fremst eiga oppfatning av norma og ei tolking av denne, og dernest ei generalisering basert på tidlegare lerdom. I komande delkapittel vil eg sjå nærmere på to tidlegare studiar som tek føre seg haldningar til, og oppfatningar av nynorsknorma, mellom anna Selback (2001).

2.3.2 Tidlegare studiar

Den internaliserte nynorsknormalen

I denne oppgåva freistar Fiskerstrand å granske kva oppfatningar ei gruppe nynorskbrukarar har av nynorsknormalen og tilhøvet mellom denne og elevane sitt eige talemål. Meir spesifikt vil ho sjå på kva ”...reglar og haldningar elevane har gjort til sine eigne...” (Fiskerstrand 2008: 9). Med desse føresetnadane formulerer ho to forskingsspørsmål:

1. Korleis oppfattar elevane samanhengen mellom nynorsknormalen og eigen dialekt?
2. Kva for ord og former meiner elevane høyrer inn under nynorsknormalen?

Fiskerstrand (2008: 9)

For å få svar på forskingsspørsmåla sine gjennomførte ho ei undersøking blant 47 elevar i vidaregåande opplæring ved ein skule på Sunnmøre. Undersøkinga var inndelt i fire ledd. For å gjere greie for korleis elevane oppfatta samanhengen mellom talemål og normal gjennomførte ho ei spørjegransking, og vidare intervju med eit utval av elevane. Det andre forskingsspørsmålet freista ho å få svar på ved å dele ut to tekstar elevane skulle rette etter eiga oppfatning av korrekt nynorsk, og ei ordliste der dei skulle krysse av for om utvalde ord

etter deira meining hører heime i *nynorsk, bokmål, begge eller ingen* (Fiskerstrand 2008: 45).

Ho fann at elevane tilsynelatande hadde ein *internalisert nynorsknormal* som var nærmere talemålet deira enn den offisielle normalen, og at elevane var usikre på kva ord og former dei kunne nytte seg av innanfor normalen (Fiskerstrand 2008: 118). Ho kom også fram til at respondentane stort sett ikkje kjente omfanget av valfridomen i nynorsk. Når det kom til normtryggleik svara nesten halvparten av elevane at dei kjende seg ”litt usikker” eller ”ganske usikker” (Fiskerstrand 2008: 80).

Frå denne oppgåva vil eg trekkje fram to aspekt som peikar seg ut som ekstra relevante for mi eiga problemstilling. Det første er talemålsinnverknad. Ifølgje Fiskerstrand meinte 66% av elevane i granskingsa at dialekten deira ligg nærmere nynorsk enn bokmål. I tillegg svara 40% at ein korrespondanse mellom talemål og skrift er viktig. Mellom anna blei det nemnt at ein slik korrespondanse gjer det lettare å skrive rett nynorsk (Fiskerstrand 2008: 65). Dette er også noko læraren er inne på i sitt intervju med Fiskerstrand, men med eit anna forteikn: ”Læraren framheva i intervjuet vanske elevane har med å skrive nynorsk fordi det er så mykje likt dialekten, samstundes som dei ikkje kan stole blindt på korrespondansen mellom talespråk og skrift.” (Fiskerstrand 2008: 66). Deltakarane i granskingsa mi har noko lunde lik dialekt som elevane i granskingsa til Fiskerstrand. Det er difor interessant å sjå på om respondentane mine har innslag av dialekt i skriftspråket og om det eventuelt kan skuldast at dei stolar for mykje på eiga dialekt.

Det andre aspektet kjem også frå intervjuet med læraren og har med haldning å gjere. I dette intervjuet kom det fram at det i klassen var enkelte ”sterke personar” som bestemte kva haldningar klassen samla hadde til nynorsk (Fiskerstrand 2008: 66). Dette er eit interessant aspekt ved haldningsbiten av språkoppfatning, kanskje spesielt i ein klasseromsmanheng og i denne aldersgruppa. Haldningar kan vere resultat av sosial innverknad (Kulbrandstad 2015: 249), og det er gjerne typisk i denne alderen at enkelte legg føringar for kva som er ”kult” og ikkje, også når det kjem til det faglege. Dette kan medføre at ein kan kome til å sjå tendensar som peikar på dette når ein ser på haldningar innanfor ei slik homogen gruppe. I spørjegranskingsa mi har det ikkje vore lagt opp til eit stort, eksplisitt fokus på haldning, men den inneheld enkelte haldningsgranskande spørsmål. Difor vil det vere spanande å sjå på om svara på desse spørsmåla i noko grad sprikar eller ikkje.

"Det er heilt naturleg" - Ei gransking av skriftspråkhandlingar

Også Bente Selback tek føre seg språknormering og språkhaldningar i si hovudfagsoppgåve frå 2001. I denne oppgåva freista ho å finne ut noko om "...kva haldningar vanlege språkbrukarar har til skriftnormalane, og til valfridom og ordtilfang i normalen." (Selback 2001: 3). Ho var også spesielt interessert i kva haldningar folk flest har til korleis skriftnormalen burde vere.

For å finne ut noko om dette gjennomførte ho ei spørjegranskning via post. Ho sendte ut eit spørjeskjema til 360 personar over 16 år, fordelt på 6 kommunar. 159 av dei returnerte meir eller mindre ferdig utfylte skjema (Selback 2001: 63). Noko av det ho konkluderte med var at majoriteten av informantane var negative til nynorsk, valfridom og eit ope ordtilfang, og at det verka som det viktigaste for informantane var at skriftspråket skulle vere lett å bruke og fungere godt i bruk (Selback 2001: 145).

Noko av det som er mest relevant for mi eiga gransking er haldningar til valfridom og ein vid skriftnormal. Berre 20% av respondentane til Selback gav uttrykk for positive haldningar til nynorsk, og av dei som hadde nynorsk som hovudmål i skulen var det svært få som hadde heldt fram med å bruke det (Selback 2001: 92).

Sjølv om over halvparten av respondentane i granskingsa gav uttrykk for ei negativ haldning til valfridom kunne nesten like mange fortelje at dei gjerne vil bruke rettskrivinga på ein personleg måte, og 40% meinte at rettskrivinga burde leggje til rette for at ein skal kunne skrive tett opp til slik ein snakkar (Selback 2001: 106-107). Samstundes meiner 60% av respondentane at det er viktig å skilje mellom tale og skrift. Slik det kjem fram frå resultata frå denne granskingsa kan det verke som at respondentane ikkje heilt blir einige med seg sjølve, og ein kan lese det som at dei gjerne vil ha dei, for dei, positive sidene ved valfridomen, men også ei tydeleg norm. 80% av respondentane var samde i at det viktigaste var at språkbruken var korrekt, noko som tyder på at fleire prioriterer ei klår norm utan rom for forvirring, og det er truleg dette som ligg til grunn for den generelle negative haldninga til valfridomen. Dei yngre respondentane var mindre opptekne av korrekt språkbruk enn dei eldre (Selback 2001: 106). Dette er eit interessant aspekt eg vil ta med meg vidare til mi eiga granskning. Alle respondentane mine er mellom 15 og 16 og eg kan såleis ikkje måle noko skilnad i alder, men kor opptekne dei er av å skrive korrekt er eit relevant spørsmål i

haldningsgranskings. Spika i respondentane sine svar i Selback si gransking når det kjem til valfridom gjev også verdifull input i samband med gransking av korleis mine respondentar meiner at nynorsknorma bør vere.

Tidlegare var eg inne på Aanes (2011) si hypotese om at det finst ein samanheng mellom bruk av ordliste og oversikt over norma. Også Selback granska respondentane sin ordlistebruk. Svært få rapporterte om bruk av ordlister, men av dei som kunne fortelje at dei nytta ordlista noko, var det dei som nytta begge målformer som var mest representert (Selback 2001: 106).

3. METODISK TILNÆRMING

I dette kapittelet vil eg plassere oppgåva og granskingsa mi innanfor vitskapsteoretiske rammer, så vel som gjere greie for den metodiske tilnærminga. Eg vil først presentere aktuell vitskapsteori og gjer greie for den metodiske tilnærminga til datainnsamlinga, før eg forklarar tanken bak spørjeskjemaet, og sjølve utforminga av det. Vidare vil eg gjere greie for prosessen ved å velje ut informantar, før eg til slutt går raskt gjennom sjølve gjennomføringa av undersøkinga og etterarbeidet med datamaterialet.

3.1 Førarbeid

3.1.1 Struktur og planlegging

Ei granskning med eit så generelt fokusområde krev ei tydeleg formulert problemstilling og ein solid metodisk grunnmur. Då hovudfokus ligg på oppfatningar, er det nærliggande å velje ei kvalitativ tilnærming. Ei slik tilnærming tillét ein å gå i djupna og gjev moglegheiter for detaljfokus. Likevel er det snakk om eit tema som med hell kan overførast til spørjegranskings. Det ville også vere føremålstenleg for prosjektet å høyre frå fleire respondentar enn det kvalitative intervju åleine ville tillate innanfor dei gjevne tidsrammene.

Mellom anna Tjora (2017) tek til orde for å kombinere kvalitativ og kvantitativ metode der det let seg gjere (Tjora 2017: 24). Dette kallar ein gjerne *blanda metodar* eller *metodetriangulering* (Kvale og Brinkmann 2009, Gentikow 2005). Hensikta med dette er mellom anna å styrke eigne funn gjennom eit større og meir variert datamateriale (Gentikow 2005: 157), og å vege opp for eventuelle veikskapar kvalitative og kvantitative metodar har isolert sett. Kvale og Brinkmann (2009) problematiserer bruken av blanda metodar då det krev mykje av ein forskar å handtere to så ulike verkty (Kvale og Brinkmann 2009: 132). Dei meiner at kvalitative metodar freistar å svare på spørsmålet ”Kva slags?”, medan kvantitative metodar freistar å svare på ”Kor mykje av ein slags?” og at utfordringa med blanda metodar ligg i å arbeide med så forskjellige media som ord og tal (Kvale og Brinkmann 2009: 132). Likevel vil denne granskninga kombinere ei kvantitativ spørjegranskning med kvalitative intervju.

Spørjegranskninga er kvantitativ på den måten at den går ut til eit større tal respondentar, at spørsmåla i all hovudsak er lukka, og at resultata kan målast og framstillast i grafar. Ved å gjennomføre spørjegranskninga i eit online verkty for spørjeundersøkingar kan ein eliminere enkelte av problemstillingane nemnt av Kvale og Brinkmann. Eit slikt verkty tillét mellom anna pålitelege moglegheiter for framstilling og analyse. Respondentgrunnlaget i denne undersøkinga er heller ikkje stort nok til å kunne vere representativt, noko som tek vekk behovet for å rekne signifikans.

Pålitelegheit, gyldigkeit og generaliserberrheit

I samband med kvantitativ forsking høyrer ein gjerne om dei tre kriteria for kvalitet; pålitelegheit, gyldigkeit og generaliserberrheit (Tjora 2017: 231). Desse kriteria kan med hell overførast til kvalitativ forsking.

Pålitelegheit, også kalla reliabilitet, handlar i kvantitativ forsking om at ei undersøking må vere truverdig. Dette inneber ”at målingene er korrekt utført.” (Thurén 2009: 31). For at ei kvantitativ undersøking skal kunne oppfylle dette kriteriet, må utvalet vere stort nok, og alle målingar og utrekningar vere korrekt gjennomførte. I kvalitativ forsking, derimot, handlar pålitelegheit om å halde ein raud tråd gjennom prosjektet, noko som inneber at det må finnast ein tydeleg samanheng mellom empiri, analyse og resultat (Tjora 2017: 231, 235). Som nemnt tidlegare er ikkje utvalet i dette prosjektet stort nok til å oppfylle det kvantitative

pålitelegheitskriteriet. Alle målingar og utrekningar er gjort automatisk i eit pålitleg analyseverkty og det er såleis inga grunn til å anta at desse ikkje skal vere korrekte.

Eit viktig aspekt ved pålitlegheit i kvalitativ forsking er forskaren si eiga rolle. Tjora (2017) skriv at idealet i den positivistiske tradisjonen er ”*nøytrale* eller *objektive observatører*” (Tjora 2017: 235), men at det ikkje er til å unngå at forskaren har eit eller anna engasjement i temaet. Dette engasjementet kan ein risikere at påverkar resultata (Tjora 2017: 235). For å unngå dette seier han at det er viktig å vere open kring eventuelle tidlegare oppgjorte meininger og å vere budd på å justere desse undervegs i undersøkinga (Tjora 2017: 235).

Gyldigheit, eller validitet, er det kriteriet som er likast i kvalitativ- og kvantitativ forsking. Dette kriteriet inneber at ein må vere fokusert på det ein er ute etter å undersøke, og ikkje noko anna (Thurén 2009: 32). Med andre ord skal det ein undersøker vere relevant for problemstillinga, og dei svara ein får skal vere svar på spørsmåla ein har stilt (Gentikow 2005: 59, Tjora 2017: 232). Alle krav til pålitlegheit kan vere oppfylte, men om ein ikkje har undersøkt det ein var ute etter å undersøke i utgangspunktet fell undersøkinga i kvalitet. I ei oppgåve som denne gjer kravet om gyldigheit seg mindre gjeldande, då målet med denne undersøkinga er å observere, heller enn å konkludere. Problemstillinga rommar relativt mykje, og ein har såleis høve til å bevege seg i ulike retningar, ut frå kvar resultata tek ein, utan å avvike frå temaet. Det er likevel viktig å heile tida ha med seg problemstillinga og eventuelle forskingsspørsmål, og å freiste å svare på spørsmåla denne stiller.

Det tredje og siste kriteriet vert kalla generaliserberrheit, og inneber i kvantitativ forsking at ein skal kunne drage slutningar ut frå det oppsamla datamaterialet. Dette er avhengig av eit representativt utval, noko denne undersøkinga ikkje har. Tjora (2017) omtalar generaliserberrheit i kvalitativ forsking som ”en undersøkelses gyldighet utover de tilfeller som har vært utforsket” (Tjora 2017: 258) og legg fram tre former for generalisering i kvalitativ forsking: Naturalistisk generalisering, moderat generalisering og konseptuell generalisering (Tjora 2017: 239). Eg vil ta føre meg naturalistisk generalisering. Dette handlar om at ein i ei undersøking går i detalj på ein slik måte at lesaren sjølv kan vurdere gyldigheit for anna forsking. Tjora (2017) er skeptisk til denne forma for generalisering då han meiner at ein kan risikere å ”marginalisere betydningen av generalisering i samfunnsforskningen.” (Tjora 2017: 240). Likevel meiner eg at det er denne typen generalisering som passar best for ei undersøking av denne typen. Ved å vere transparent i

beskrivinga av metodikk og gjennomføring opnar eg for at andre kan bedømme gyldigheita til undersøkinga. Det er dette eg freistar å gjere vidare i kapittelet.

Kvale og Brinkmann (2009) omtalar også generaliserberrheit i kvalitativ forsking og forklarar det som eit spørsmål om resultata i ei undersøking ”[...] kan overføres til andre intervupersoner og situasjoner.” (Kvale og Brinkmann 2009: 264). Dei hevdar derimot at kriteriet om generalisering ikkje alltid treng å vere oppfylt, då ikkje all vitskapleg kunnskap treng å vere universell (Kvale og Brinkmann 2009: 264).

3.1.2 Variantutval

Gjennom spørjeskjemaet ynskte eg å undersøke fleire aspekt ved elevane sitt forhold til nynorsk. Hovudmålet med granskingsa var å seie noko om korrelasjonen mellom oppfatta norm og kjennskap på den eine sida, og faktisk norm og kjennskap på den andre. For å operasjonalisere dette målet delte eg fokusområda inn i følgjande punkt:

- *Haldning*
- *Oppfatta norm og kjennskap*
- *Tilhøve mellom nynorsk og høvesvis bokmål og talemål*
- *Normtryggleik, faktisk bruk og medvit*

Kor vidt elevane si oppfatning av normalen samsvarar med den faktiske normalen er ei overordna problemstilling og noko ein kan få innsikt i gjennom alle desse punkta.

Spørjeskjemaet var sett saman av nokre innleiande kartleggingsspørsmål, ein serie spørsmål knytt til ulike tilhøve ved nynorsknormalen, og til slutt tre ”oppgåver” som på kvar sin måte skulle måle respondentane sin normtryggleik og faktiske bruk. Desse oppgåvene var mellom anna meint til å seie noko om kva variantar elevane meiner hører til under normalen, og korleis dei sjølve nyttar nynorsk. I kombinasjon med kvarandre eller andre spørsmål i granskingsa kunne svara i desse oppgåvene også seie noko om elevane sitt medvit. For å fange opp dei ulike sidene av problemstillinga kom eg fram til 23 ord med variasjonar, fordelt på fire ”kategoriar”: *determinativ, forenkling - fleirtalsbøyning av hannkjønnsord, forenkling -*

valfri y/ø i stammen og det eg har valt å kalle *kontrastord*. Eg vil vidare fortelje kort om desse kategoriane.

Kontrastord

Kontrastord er ord som gjev eit bestemt signal, anten om det er ord som gjev uttrykk for geografisk tilhøyrslle, ord som typisk vert merka som konservative eller radikale, eller ord ein lett identifiserer seg med eller tek avstand frå av ulike årsaker. I *Ny rettskriving for 2000-talet* trekkjer Språkrådet fram enkelte ord der språkbrukarane legg særleg vekt på uttale når dei vel skrivemåte (Språkrådet 2011: 57). Dette gjeld mellom anna *bare/berre*, *no/nå*, *so/så*, *da/då* og *skole/skule*. Alle desse har eg valt å inkludere i mi liste med kontrastord. Under denne kategorien går også *de/dokker* og *dykk/dokker*. Desse er inkluderte fordi eg er usikker på om elevar i ungdomskulen veit at *dokker* er tillate både i subjekts- og objektsposisjon, og fordi eg personleg har fått inntrykk av at dette er ei endring mange har sterke meningar om.

Determinativ

Eg har også inkludert *determinativ* som ein av variantkategoriane, sjølv om desse kanskje like gjerne kunne stått under kategorien *kontrastord*, då dei fleste av desse sit på liknande eigenskapar. Totalt er det fire ord i denne kategorien, og tre av desse har eineform. Eg er interessert i å undersøke om elevane veit dette. Det siste er possessiv *dykkar/dokkar* som er inkludert av same grunn som *de/dokker* og *dykk/dokker*.

Forenkling - fleirtalsbøyning av hankjønnsord

Ettersom eg også ynskjer å sjå på kor vidt elevane oppfattar norma som lett å bruke var det viktig å inkludere nokre endringar som var meint å vere forenklande frå Språkrådet si side. Ei slik endring finn vi i fleirtalsbøyninga for hankjønnsord:

Jamstiller me fleirtalsbøyningane både for gamle i-stammar, hankjønnsord på -nad og på -a, kan alle hankjønnsord bøyast etter hovudmønsteret for hankjønn: -en, -ar, -ane. Det er ei forenkling for dei som treng nokre faste reglar når dei skal læra seg nynorsk.
(Språkrådet 2011: 102)

I samband med dette har eg valt ut følgjande:

- To hankjønnsord på *-nad*
- To hankjønnsord på *-a*
- To hankjønnsord med valfri fleirtalsbøyning *-en, -ar, -ane/-en, -er, -ene*
- To hankjønnsord med eineform *-en, -ar, -ane*

Her er eg spesielt interessert i å sjå kva val elevane tek i samband med hannkjønnsorda på *-a*, ettersom konstruksjonane *-aar/-aane* kanskje kan verke kontraintuitive på enkelte.

Forenkling - Valfri y/ø i stammen

Ord med valfri *y/ø* i stammen fekk i den nye rettskrivinga to jamstilte former. Dette er ikkje eksplisitt meint som eit forenklande grep frå Språkrådet si side, og er meir ein konsekvens av at det finst stor variasjon i dialektane på dette punktet. Likevel kan ein argumentere for at dette bidreg til forenkling då ein hovudsakleg varierer mellom desse to stammene i tale, og såleis får ei ekstra sikring i at begge formene er tillatne.

Dei 23 orda med variantar er framstilte i Tabell 2 under. Variantar som ikkje er tillatne ifølgje den offisielle rettskrivinga er markerte med *.

Determinativ	
Hennar	*Hennes
Dykkar	Dokkar
Annan	*Annen
Nokon	*Noen
Kontrastord	
Berre	*Bare
No	Nå
So	Så
Då	Da
Skule	Skole
De	Dokker
Dykk	Dokker
Forenkling - fleirtalsbøyning av hankjønnsord	
Benkane	Benkene
Veggane	Veggene
Hanar	*Haner
Båtar	*Båter
Søknadar	Søknader
Dugnadur	Dugnader
Gorillaar	Gorillaer
Sofaar	Sofaer
Forenkling- valfri y/o i stammen	
Bytte	Bøtte
Fyrst	Først
Sysken	Søsken
Syster	Søster

Tabell 2 Variantutval

3.1.3 Informantane

I leitinga etter informantar var det fleire faktorar å tenkje på. Nokre av dei viktigaste var alder, hovudmål og mengda av respondentar. Eg visste tidleg i prosessen at eg ville gjennomføre undersøkinga blant unge nynorskbrukarar, men kor unge? Basert på Omdal (1996) si ytring om at dei ansvarlege for språknormeringa føreset at folk får tilstrekkeleg informasjon i laupet av den obligatoriske skulegangen, kom eg fram til at eg ville ha respondentar som anten var i ferd med å fullføre denne, eller som allereie hadde fullført. Eg landa difor på elevar ved 10. trinn av fleire årsaker.

På ungdomsskulen er alle framleis samla i eitt alderssteg, noko som kanskje gjer utvalet meir representativt enn det ville vore om det hadde vore snakk om elevar på studieførebuande linje

ved ein vidaregåande skule. Der ville ein dømesvis mangla dei som går yrkesfag og dei som eventuelt gjev seg etter 10 års skulegang. Granskinga skulle gjennomførast på våren, noko som ville seie at 10. trinn var berre nokre månadar frå å vere ferdige med den obligatoriske grunnskulen. Andre fordelar med å velje skulelevar som respondentar er at desse nyttar skriftspråket jamt og blir kontinuerlig vurderte på det. I tillegg får ein ei respondentgruppe med meir eller mindre like føresetnadar og gode moglegheiter for å enkelt kome i kontakt med ei respondentgruppe.

Eg bestemte meg raskt for å avgrense meg til éin skule, og eitt trinn, for å klare å halde meg til den gjevne tidsramma på prosjektet. Undersökinga skulle frå starten av gjennomførast blant nynorskelevar, og sjølv om det kanskje ville vore føremålstenleg å ha ei gruppe bokmålselevar som samanlikningsgrunnlag valde eg vekk dette. Årsaka til at eg hovudsakleg ynskte nynorskelevar som respondentar var basert på ein tanke om at ein lettare reflekterer over eige hovudmål.

Valet fell såleis på ein mellomstor ungdomsskule i ei nynorskkommune på Sunnmøre. 10. trinn ved denne skulen består av 46 elevar inndelte i to parallellear. Alle elevane, med unntak av to, har nynorsk som hovudmål. Eg tok kontakt med einingsleiar ved skulen og fekk svar frå ein norsklærar ved trinnet som godkjende deltakinga. Ved hjelp av lærarane fekk eg delt ut eit kombinert informasjonsskriv/ samtykkeskjema. Dette skrivet inneheldt informasjon om granskinga, personvern og kva ei eventuell deltaking ville innebere. Det var understreka at deltakinga var frivillig og at elevane når som helst kunne trekkje seg utan å oppgjeve årsak. Nedst på skjemaet kunne elevane krysse av for om dei ynskte å delta eller ikkje. Dei hadde valet om å krysse av for berre spørjegransking, eller for spørjegransking og intervju. I skrivet unngjekk eg å bruke formuleringa ”intervju” og kalla det heller ein ”samtal”. Dette var for å gjere det heile mindre formelt, og dermed kanskje mindre skremmande. Då elevane var 15 år eller eldre på dette tidspunktet var det ikkje naudsynt med samtykke frå føresette. Alle 46 av elevane samtykte til å delta i undersökinga, medan 7 samtykte til ”samtal”. Ved gjennomføringa blei dei reelle tala 42 deltagarar i spørjegranskinga og 10 i intervjet. Svara frå dei to elevane med bokmål som hovudmål er ikkje inkluderte i resultata.

Prosjektet var på førehand meldt inn og godkjent av Personvernombodet for forsking NSD.

3.1.4 Spørjeskjema

Spørjeskjemaet er lagt opp i fire delar. Den første delen består av fleirvalsspørsmål som tek føre seg haldningar til, og tankar kring nynorsk. Til denne delen henta eg inspirasjon frå både Berg (1999) og Aanes (2009). Ettersom så godt som alle elevane har nynorsk som hovudmål, fann eg det relevant å spørje, mellom anna, om dei var nøgde med nynorsk som hovudmål, og om dei trudde dei kom til å bytte hovudmål når dei byrja på vidaregåande skule. Det blei også stilt spørsmål om mellom anna bruk av ordbok og talemåls- og bokmålsinnverknad.

Del to, heretter omtalt som *oppgåve 1*, var i all hovudsak ein kunnskapstest. Her fekk elevane presentert ei og ei setning med eitt ord sett i parentes. Dette ordet skulle dei krysse av for om var lov eller ikkje i nynorsk. Denne oppgåva bestod av 11 ord med variantar. Variantane av eit ord var sette inn i same setning og følgde kvarandre. Elevane blei i oppgåveteksten minne på at det ikkje alltid er slik at det eine er rett medan det andre er feil. På denne måten kunne eg få ei oversikt over kunnskapsnivået generelt, og også få eit bilet av kva variantar elevane meiner høyrer til under nynorsknormalen.

- | | |
|---|---|
| Det var (hennar) kåpe. | Leit fram bøkene (dykkar). |
| (1) <input type="checkbox"/> Er lov i nynorsk | (1) <input type="checkbox"/> Er lov i nynorsk |
| (2) <input type="checkbox"/> Er ikkje lov i nynorsk | (2) <input type="checkbox"/> Er ikkje lov i nynorsk |
-
- | | |
|---|---|
| Det var (hennes) kåpe. | Leit fram bøkene (dokkar). |
| (1) <input type="checkbox"/> Er lov i nynorsk | (1) <input type="checkbox"/> Er lov i nynorsk |
| (2) <input type="checkbox"/> Er ikkje lov i nynorsk | (2) <input type="checkbox"/> Er ikkje lov i nynorsk |

Figur 2 Utsnitt frå spørjeskjema, oppgåve 1

Variantane brukt i oppgåve 1 er dei følgjande:

Hennar	*Hennes
Dykkar	*Dokker
Då	Da
Bytte	Bøtte
No	Nå
Skule	Skole
Berre	*Bare
Veggane	Veggene
Søknadar	Søknader
Sofaar	Sofaer
Hanar	*Haner

Tabell 3 Utval oppgåve 1

Gjennom oppgåve 2 ynskte eg å sjå på elevane sin faktiske bruk og normkunnskap. Her blei elevane presenterte med ulike setningar som mangla eitt ord, og bedne om å krysse av for det alternativet dei sjølve nyttar når dei skriv nynorsk. Dei ulike oppgåvene hadde mellom to og fire alternativ. Elevane blei informerte om at dei kunne krysse av for fleire dersom det var rett for dei. Der det passa seg slik fekk dei òg bokmåls- og talemålsalternativ.

Til prøva i morgen er det viktig at ___ har med gradskive og passar.

- (1) De
- (3) Dere
- (4) Dokker
- (5) Dokke

Eg vil gjerne invitere ___ til kaffi og kaker i morgen.

- (1) Dykk
- (2) Dere
- (3) Dokker
- (4) Dokke

Figur 3 Utsnitt frå spørjeskjema, oppgåve 2

Variantane nytta i oppgåve 2 er framstilte i tabell 4.

De	Dokker	*Dere	*Dokke
Dykk	Dokker	*Dere	*Dokke
Sysken	Søsken	*Syskjen	*Søskjen
Nokon	*Noen	*Noken	
Syster	Søster		
Så	So		
Fyrst	Først		
Annan	*Annen	*Anna	

Tabell 4 Utval oppgåve 2

Oppgåve 3 bestod ”berre” av fire ”spørsmål”. Her fekk elevane beskjed om å skrive inn fleirtalsforma av ordet i parentes slik dei sjølve ville ha skrive det på nynorsk. Orda var *gorilla*, *benk*, *båt* og *dugnad*. Tanken bak denne oppgåva var at elevane ikkje lengre skulle ha alternativ å støtte seg til. Alle dei fire orda i denne oppgåva har ein ”make” med tilsvarande bøying i oppgåve 1. Eg var interessert i å sjå om svara i høvesvis oppgåve 1 og oppgåve 3, med og utan alternativ, samsvara. Også denne oppgåva ser på faktisk bruk og kjennskap til

normalen. Setninga elevane fekk presentert i følgje med kvart av orda var meint til å gjere greie for om eg var ute etter bestemt eller ubestemt form av ordet.

Dei kom trampande inn som ein gjeng med ____ . (GORILLA)

Figur 4 Utsnitt frå spørjeskjema, oppgåve 3

3.1.5 Intervju

Det er fleire omsyn å ta ved gjennomføringa av kvalitative intervju. Målet med slike intervju kan seiast å vere å ”forstå verden sett fra intervjupersonens side.” (Kvale og Brinkmann 2015: 20). For å kunne oppnå dette må ein gje intervjuobjektet høve til å snakke relativt fritt og utan innverknad eller ”styring” frå intervjuar eller andre. For å kunne rå over dette i noko slags grad valde eg å gjennomføre individuelle intervju. Dette valet handlar om det sosiale aspektet ved haldning. Dersom det i denne klassen er slik som Fiskerstrand (2008) snakkar om, at enkelte elevar bestemmer kva haldning resten skal ha til nynorsk vil eg ikkje fremje dette vidare ved å setje elevane saman i intervjustituasjonen.

Vidare må ein ta stilling til korleis sjølve intervjuet skal vere lagt opp. Eg hadde allereie seld inn intervjustituasjonen som ein ”samttale” og ynskte difor at det til dels skulle kjennest som det også. Likevel var det naudsynt med enkelte føringar for å svar på dei spørsmålā eg sat med. Intervjumetoden i dette prosjektet er difor semi-strukturerte, fokuserte intervju.

Semi-strukturert inneber at intervjuet har ein laus struktur med opne spørsmål. Intervjuha har ei ramme og planlagde tema, men ikkje noko fastsett utover dette. *Fokuserte intervju* er intervju som vanlegvis er kortare enn djupneintervju, og som går raskare inn til kjernen av temaet (Tjora 2017: 126). Årsakene til at eg valde å gjere intervjuha fokuserte var tidsavgrensinga og tanken om at det ville vore vanskeleg å få elevane til å halde ein lengre dialog kring dette emnet. Kortare intervju kan også bidra til at intervjustituasjonen ikkje verkar skumlare enn naudsynt.

Forskaren sin integritet er viktig for kvaliteten på all forsking men blir kanskje enda viktigare i samband med intervju då ”intervjueren selv er det viktigste redskapet til innhenting av

kunnskap” (Kvale og Brinkmann 2009: 92). I intervjustituasjonen må det vere ein målsetnad å vere medviten eiga rolle som forskar. Kvale og Brinkmann (2009) nemner enkelte fallgruver, mellom anna at ein kan risikere å identifisere seg med respondentane til ein slik grad at ein ikkje klarar å halde profesjonell distanse. Ei anna fare er at ein er så fokusert på eigne hypotesar at ein med eller utan medvit styrer respondentane. For å unngå dette forsøkte eg i det store å styre unna å gje respondentane tilbakemeldingar på svara dei gav utover å anerkjenne dei, eller stille oppfølgingsspørsmål. Eg gjekk på førehand ut ifrå at fleire av elevane kom til å vere prega av eit ynskje om å svare ”rett” og å gje meg dei svara eg ville ha. Med tanke på at enkelte av spørsmåla i intervjeta i botnen hadde eit ”rett” svar forsøkte eg å ikkje kommentere på dette for å unngå å bidra til dette ynsket. Eg passa også på å understreke at dette med rett/feil ikkje var noko eg var oppteken av. Eit anna grep eg tok for å unngå dette var å bu meg godt på intervjuet på førehand. Med ei klår ramme for intervjustituasjonen har ein betre sjansar for å styre unna leiande spørsmål og kommentarar.

Sidan intervjeta skulle vere semi-strukturerte innehold intervjuguiden stort sett samtaleemne for intervjuet. Desse gjekk på generelle betrakningar kring nynorsk, valfridom og bokmåls- og talemålsinnverknad. I tillegg hadde eg merka meg ved enkelte spørsmål frå spørjegranskingsa som var interessante å snakke meir om. Eg rekna på førehand med at det kunne bli vanskeleg å få 16-åringar i tale om eit slikt tema, difor hadde eg også budd nokre spørsmål baserte på spørjegranskingsa som gjekk inn på svara til kvar enkelt elev, om vi ikkje skulle kome inn på dette naturleg.

Ettersom tre av intervjuobjekta først meldte seg den dagen intervjeta skulle gjennomførast hadde eg naturleg nok ikkje fått sett meg inn i deira svar på førehand. Likevel hadde eg hatt ein mistanke om at fleire kom til å melde seg, og eg hadde difor budd enkelte generelle oppfølgingsspørsmål ved å sjå på dei samla resultata og merke meg ved variablar som stakk seg ut.

3.2 Gjennomføring

3.2.1 Spørjegranskning

Til slutt var det 42 av 46 elevar som gjennomførte spørjegranskninga. Dei resterande fire var ikkje til stades. Datoen for gjennomføringa av spørjegranskninga var avtalt med norsklærarane på trinnet. Elevane er fordelt på to parallellear og tanken var at begge klassene skulle gjennomføre samtidig, for å unngå at dei snakka seg imellom om innhaldet før alle var ferdige. Spørjegranskninga skulle gjennomførast i ein skuletime (70 minutt) og lærarane hadde fått opplyst at det truleg ville ta rundt ein halvtime. Rett før denne skuletimen distribuerte eg personlege lenkjer til kvar enkelt elev via e-post, før eg gjekk inn i klassene og forklarte kva dei skulle gjere. Lærarane var til stades under gjennomføringa, medan eg gjekk fram og tilbake mellom klassene for å svare på eventuelle spørsmål.

Medan elevane fylte ut spørjeskjemaet fekk eg kontinuerlige oppdateringar på mi eiga datamaskin, og når alle elevane var registrerte som ”gjennomført” gjekk eg inn igjen i kvar klasse og takka for deltakinga. Samtidig minte eg dei på at eg skulle kome att veka etter, og at det ville vere til stor hjelp om fleire kunne tenkje seg å snakke med meg.

3.2.2 Intervju

Intervjua blei gjennomførte ei veke etter spørjegranskninga. Slik fekk eg tid til å studere resultata og tilpassa intervuspørsmåla til kvar enkelt elev. På dagen for intervjua var det tre nye elevar som meldte seg. Eg hadde ikkje studert svara frå desse enkeltelevane på førehand, og difor blei desse tre intervjuia litt meir generelle enn dei sju andre. Intervjua vara mellom 10-15 minutt og det var svært varierande kor mykje elevane hadde å seie. Elevane blei sende ut, ein og ein, til grupperommet eg sat i. Eg byrja med å helse på dei og småprate litt før eg fortalte at eg skulle ta lydopptak av intervjua, og at desse opptaka seinare ville bli sletta. Eg spurde deretter om det var greitt at eg starta lydopptaket og byrja så intervjuet.

Eg gjekk på førehand ut frå at majoriteten truleg ikkje kom til å melde seg frivillig til intervju, men blei overraska då berre 7 av 46 samtykte til dette, på trass av at 7 intervjuobjekt absolutt ville vore tilstrekkeleg i ei slik undersøking. Årsaka til at så få meldte seg kan vere at

det rett og slett verka skummelt å skulle prate med ein heilt framand. Det er også mogleg at mange var usikre på kva det heile skulle gå ut på. Etter at spørjegranskinga var gjennomført snakka eg med ein lærar ved skulen som tok på seg å fortelje elevane meir om intervjustituasjonen og roe dei som synest det verka skummelt. Til slutt enda eg med 10 intervju.

Det verka som fleire av elevane var usikre på kva dei skulle vere med på. Eg understreka fleire gongar, både før og under intervjuet, at eg berre var interessert i å høre kva tankar dei hadde om ulike tema, og at det var umogleg å svare feil. Likevel bar nokre av intervjuet preg av at elevane var redde for nettopp dette. Dette viste seg ved at dei var raske med å trekke seg på svara sine om dei ikkje fekk respons på dei med ein gong, og at fleire svara ”veit ikkje” på spørsmål dei hadde svara på under spørjegranskinga veka før. Det siste kan tyde på at dei var usikre i utgangspunktet, men hadde lettare for å svare skriftleg.

Tjora (2017) snakkar om *metting* i intervjuet. I dette ligg det at ein med ei homogen gruppe respondentar eller eit snevert tema etterkvart kan byrje å merke at det ikkje kjem opp noko nytt for kvart intervju (Tjora 2017: 262). I laupet av intervjudagen merka eg at ein del av dei same svara byrja å gå igjen for kvart intervju. Likevel kjende eg ikkje på ei metting då eg var interessert i å høre frå alle, uavhengig av om dei svara likt. Eg var også interessert i om den grupperna respondentar eg intervjuet på noko vis kunne spegle att resultata frå spørjegranskinga. Det kan også vere ein fordel å inkludere oppvarmings- og avrundingsspørsmål i intervjuet for å normalisere og ufarleggjere situasjonen (Tjora 2017: 145-146). Dette var ikkje noko eg inkluderte i intervjuguiden eller på lydopptaket, men eg snakka med respondentane både før og etter opptak. Eg helsa på dei, takka dei for deltagninga både før og etter intervjuet, spurte om dei var spente, sa ifrå om at det ikkje var noko å vere nervøs for og småprata generelt med dei medan eg gjorde klart til opptak. Eg fortalte også kort kva vi skulle snakke om.

Ettersom intervjuet var semi-strukturerte var det naturleg at eg skulle leie samtalet. Likevel var det viktig å unngå å leie respondentane, og heller prøve å få dei til å ta ordet sjølve utan å legge ord i munnen på dei (Tjora 2017: 150). I etterarbeidet med materialet, når intervjuet skulle transkriberes, la eg merke til at formuleringa mi enkelte stadar kan verke førande. I det høvet er det viktig å nemne at det ikkje var meint slik frå mi side og at det heller ikkje verka som at elevane oppfatta det slik.

3.3 Etterarbeid

Intervjua er transkriberte på nynorsk, med unntak av enkelte ord som ikkje heilt lét seg ”omsetje”. Informantane har same dialekt, men det er, i dette tilfellet, sjeldan at dialekten bidreg til innhaldet. Eg har valt å inkludere latter, nølelydar og openberre tenkje-/nølepausar for å vise nyanser i intervjua. Ved latter skil eg mellom ”Haha” som indikerer latter, og ”hehe” som indikerer humring. Nølelydar førekjem i svært mange variantar og eg har difor valt å markere alle under fellesteknet ”-” (bindestrek). Tenkje-/nølepausar er markerte med ”--” (dobel bindestrek). I enkelte av transkripsjonane har indirekte identifiserande opplysningar blitt justerte, og enkelte stadar er forma delvis endra - utan at det går utover innhaldet. Dette er gjort i tilfelle med uttrykksmåtar o.l. som skil seg ut og difor kan vere identifiserande.

Enkelte vil kanskje også legge merke til at det i transkripsjonane blir brukt både ”da” og ”då”. ”Da” markerer halepartikkelen som førekjem hyppig i dette alderstrinnet i denne dialekten. Dette kan ein illustrere ved hjelp av eit døme henta frå eitt av intervjuer:

Ja, for då blir det meir variert i teksten din viss du skriv, da.

Spørjegranskinga blei gjennomført i det nettbaserte granskingsverktøyet SurveyXact. Slik blei resultata automatisk talde opp, og ved hjelp av ulike funksjonar har eg handsama og framstilt dei slik eg ser det mest føremålstenleg og oversiktleg. Emna i intervjua er tett knytt til spørsmåla i spørjeskjemaet og det er såleis uproblematisk å kople relevante utsegner frå intervjua til dei aktuelle delane av spørjegranskinga.

4. RESULTAT OG DRØFTING

I det komande kapittelet vil eg presentere og drøfte utvalde resultat frå spørjegranskingsa. Dette vil eg gjere ved hjelp av utsegner frå intervjuet, og i lys av empiri frå tidlegare studiar (som framlagt i kapittel 2). For ordens skuld har eg valt å dele kapittelet inn i dei to delane *normoppfatningar* og *normkunnskap*. Overgangen mellom oppfatning og kunnskap er glidande, og det er såleis ikkje til å kome unna at ein kjem innom det eine i drøftinga av det andre. Eg har likevel forsøkt å separere dei til den grad det lét seg gjere.

Under *normoppfatningar* vil eg først ta føre meg *haldningar* for å etablere elevane sin ståstad når det kjem til nynorsk, og for å sjå på det overordna synet dei har på skriftnorma. Vidare vil eg ta føre meg elevane sin oppfatta kjennskap til norm og valfridom. Med andre ord vil eg sjå på korleis elevane sjølve vurderer eigen kjennskap til norma og innhaldet i ho. Ettersom det viser seg at elevane manglar direkte kjennskap til valfridomen vil eg heller sjå på oppfatta bruk av han. Eg vil også drøfte elevane sine meiningar om valfridom slik dei kom fram i intervjuet.

Under delkapittelet *Tilhøve mellom nynorsk og bokmål* vil eg presentere resultat som går på elevane si vurdering av vanskegraden til nynorsknorma, samanlikna med bokmål, og eventuell bokmålsinnverknad - oppfatta og reell. Eit anna interessant aspekt ved dette tilhøvet handlar om det eg har valt å kalle *aktiv avstand*. Altså om elevane eventuelt styrer unna ord som er samanfallande med bokmål for å unngå normbrot. Nest vil eg sjå på tilhøve mellom nynorsk og elevane sitt eige talemål. Her er det først og fremst innverknad frå talemålet som er interessant å sjå på - om elevane sjølve meiner at dei blir påverka, og om dei eventuelt viser at dei blir det. Ettersom elevane i granskingsa har eit nynorsknært talemål er det også interessant å sjå på om dei ”kviler” på denne, som Fiskerstrand (2008) var inne på. Dette med påverknad frå bokmål og talemål kan også seie oss noko om kva former og variantar elevane meiner at norma inneheld.

Under *normkunnskap* vil eg sjå på *normtryggleik* og *faktisk bruk* og *medvit*. Denne delen tek føre seg resultat på spørsmål som var meint å vere direkte kunnskapsgranskande. Eg vil sjå på kva kjennskap elevane viser og korleis dei nyttar norma sjølve. Også dette kan fortelje noko om korleis dei oppfattar at norma ser ut. I drøftinga som går på medvit vil eg bruke

resultat som går på både oppfatta og faktisk kjennskap og setje desse opp mot kvarandre. Ettersom ”berre” 40 elevar har svara på spørsmåla kan det vere vanskeleg å seie noko konkret om medvitsnivået blant dei, men det er likevel interessant å sjå om det finst enkelte trendar i svara. Ettersom spørjegranskingsa var relativt omfattande med omsyn til spørsmålsmengd vil eg berre presentere eit utval resultat. Dei fullstendige resultata er derimot å finne i vedlegg 2.

Før eg går vidare til resultata vil eg kome med ein liten merknad. Som forskar er det viktig å respektere alle eventuelle respondentar og informantar. Desto viktigare er dette når respondentane er så unge som dei er i denne granskingsa. Dei elevane som har vore intervjua er dei som i størst grad blir eksponerte. Det er difor ekstra viktig å ivareta desse. Uansett kva grep ein tek er det nesten umogleg å unngå at intervjuobjektet kan kome til å identifisere seg sjølve. På bakgrunn av dette vil eg understreke at intervjuet er meint som supplement til spørjegranskingsa som potensielt kan tilby eit djupare innsyn i tankane bak svara frå spørjegranskingsa. Intervjuobjekta kjem såleis ikkje til å bli individuelt vurderte på svara sine. Med andre ord vil ikkje utsegnene deira bli lenkja til dei svara dei gav i spørjegranskingsa i nemneverdig grad.

4.1 Normoppfatningar


4.1.1 Haldningar

Spørjeskjemaet inneholdt, som nemnt, berre nokre få direkte haldningsgranskande spørsmål. Desse gjekk på uttala haldningar til nynorsk som hovudmål og på haldningar til kunnskap om norma. I dette delkapittelet vil eg sjå på elevane sine haldningar til skriftnormalen, i kva grad dei er opptekne av korrekt språkbruk, og korleis dei meiner nynorsknorma *bør* sjå ut. Eg freistar også å sjå etter trendar i elevane sine haldningar og kor vidt det eventuelt finst ei tilsynelatande semje kring haldning til nynorsk, som eg var inne på i drøftinga av Fiskerstrand (2008). Heilt til slutt vil eg kome attende til Vannebo (1980) sin teori om emosjonelle bindingar til fastsette normer.

Hovudmålet nynorsk

Når ein ser etter normhaldningar hjå ei gruppe som kanskje først og fremst knyter nynorsk til skule og skullearbeid er det føremålstenleg å utforme spørsmåla på ein måte som går overeins med dette synet. Det er sannsynleg at majoriteten av dei deltagande elevane primært ser på nynorsk som *hovudmålet* sitt. Det nyttar såleis ikkje å stille spørsmål som ”Kva synest du om den gjeldande nynorsknormalen?”, då dette ikkje resonnerer med synet dei har på nynorsk. Eit relevant haldningsgranskande spørsmål som melder seg i høve dette synet er kor vidt elevane meiner å vere nøgde med å ha nynorsk som hovudmål:


Er du nøgd med å ha nynorsk som hovudmål?



Figur 5 Resultat ”Er du nøgd med å ha nynorsk som hovudmål?”

Som vist i diagrammet over svara 25 av 40 elevar ”Ja” på dette spørsmålet, medan berre 6 svara ”Nei”. På overflata gjev dette en grei indikasjon på den samla haldninga til hovudmålet nynorsk. Likevel er det fleire aspekt dette spørsmålet ikkje fangar opp. Ettersom respondentane er elevar ved ein nynorskskule er lite truleg at elevane sjølve har tatt eit aktivt val om å ha nynorsk som hovudmål. Det er også truleg at dei färraste har vigd dette noko særleg tanke, og at det for dei fleste berre er ”slik det er”. Spørsmålet fangar heller ikkje opp nyansar. For eksempel er det ikkje gjeve at eit ”Nei” på dette spørsmålet impliserer eit ynskje om å byte vekk nynorsken. Såleis kan det vere tenleg å supplere dette spørsmålet med eitt som tek føre seg korleis elevane ville handle om dei fekk velje hovudmål sjølve. Akkurat dette er ei reell problemstilling elevane får moglegheit til å ta stilling til berre månadar etter gjennomføringa av spørjegranskings. Spørsmålet er altså: ”Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?”. Det skal nemnast at sjølv om elevane har større høve til å velje hovudmål sjølve når dei byrjar på vidaregåande så er det ikkje dermed sagt at dette er noko dei har tenkt særleg mykje på. Resultata er framstilt i Figur 6 under.


Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?



Figur 6 Resultat ”Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?”

Som vist svara berre to av elevane ”Ja” på dette spørsmålet. Over halvparten svara ”Nei” og resten ”Har ikkje tenkt på det”. Med andre ord er ikkje alle som svara ”Nei” på førra spørsmål overtydde om at dei vil byte hovudmål gjevne høvet. Like interessant er det motsette. Nemleg at ikkje alle 25 som svara at dei var nøgd med nynorsk som hovudmål er overtydde om at dei vil halde fram med det. For å få eit betre bilet av desse 25 elevane sine haldningar, kan ein trekkje ut berre deira svar på spørsmålet ovanfor. Då ser resultatet slik ut:

Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?



Figur 7 Resultat "Kjem du til å byte hovudmål når du byrjar på vidaregåande?"/ "Er du nøgd med nynorsk som hovudmål?" - Ja

Dette er altså svara frå berre dei 25 som svara at dei var nøgd med nynorsk som hovudmål tidlegare. Her ser ein at 16 av desse vil halde på nynorsken, også i den vidaregåande skulen. Det at åtte er usikre, og at éin ynskjer å byte kan ha fleire årsaker. Mellom anna kan det tenkjast at enkelte finn bokmål meir ”tilgjengeleg” eller relevant. Det kan også ha med oppfatta status å gjere. Ei av jentene som blei intervjuet hadde svara i spørjegranskninga at ho *ikkje* var nøgd med nynorsk som hovudmål. På spørsmål om kva generelle tankar ho hadde kring nynorsk svara ho følgjande:

Ella: Altså- eg synest på ein måte at det er litt unødvendig-- fordi vi har liksom to skriftspråk og det er liksom meir tungvint-- og liksom, vi kan berre eitt og det synest eg er bokmål- fordi eg føler at nynorsk er litt sånn gammalt- eller det er så vanskeleg- innvikla, og det er ikkje så mange som liksom skriv og snakkar heilt nynorsk- så eg føretrekk bokmål.

Intervjuar: Ja, eg såg at du skreiv det- i spørjegranskinga, at du ikkje er nøgd med å ha nynorsk som hovudmål. Er det- kunne du heller tenkte deg bokmål?

Ella: Ja. Det er masse lettare å skrive. Og bokmål-- sånn som *dykk* for eksempel- du seier liksom ikkje det til vanleg, liksom- så bokmål blir på en måte litt nærare-- ditt eige da- og då er det masse lettare å skrive det. Og det er liksom- du les det jo over alt- på nett og sånn. Så det er masse lettare føler eg.

Denne eleven omtalar nynorsk som både gammalt og vanskeleg, og ho gjev uttrykk for at skriftnormalen, slik ho kjenner han, er framand for henne. Ytringa "...det er ikkje så mange som liksom skriv og snakkar heilt nynorsk- så eg føretrekk bokmål." indikerer at ho ser på nynorsk som noko kunstig, kontra bokmål som er meir "naturleg". Denne utsegna kan gje innsikt i kva som eventuelt kan ligge bak negative haldningar til nynorsk, så vel som bak eit ynskje om å byte på trass av at ein opphavleg er nøgd. Det er interessant at ho nemner *dykk* som eit eksempel på noko framandt i nynorsken. Dette kan tyde på at ho ikkje kjenner til den "nye" varianten *dokker* som er bortimot identisk med talemålsvarianten i elevane si dialekt. Dette er noko eg vil kome attende til seinare.


Dei resterande ni elevane som blei intervjuat uttrykte nøytrale eller positive haldningar til nynorsk. Spesielt ordet *greitt* gjekk att fleire gongar. Fleire uttrykte også at dei i ei eller anna grad synest nynorsk er vanskeleg. Ut frå desse resultata kan ein ikkje seie at det finnест ein tydeleg trend i form av positive haldningar til nynorsk som hovudmål, men det ein *kan* slå fast er at svært få viser direkte negative haldningar.

Korleis bør norma sjå ut?

I gjennomgangen av Selback (2001) kom det fram at respondentane hennar var heller inkonsekvente i sine meininger om valfridom og korrespondanse mellom skrift og tale. Dei ulike meiningsane som kom fram i dette høvet gav meg ideen om å bruke meininger om korleis norma *bør* vere til å seie noko om haldningar til norma slik ho faktisk er. Eg konstruerte dermed fire svaralternativ som kvar for seg dekker ulike aspekt ved valfridom, korrespondanse mellom skrift og tale og tilhøve mellom nynorsk og bokmål. Alternativa

ekskluderer ikkje kvarandre og elevane fekk såleis høve til å krysse av for så mange alternativ dei sjølv ynskte. Til saman blei det sett 46 kryss, noko som vil seie at dei fleste berre kryssa av for eitt alternativ.

Vel den eller dei utsegna som passar best for deg



Figur 8 Resultat Korleis bør norma sjå ut?


Brorparten av svara er fordelte på dei to alternativa ”Eg synest det burde gå an å bruke ei form for nynorsk som er tilpassa dialekten min” og ”Eg synest nynorsk burde vere likare bokmål slik det blir mindre å lære”. Færrest kryss er det på påstanden om at nynorsk burde vere så ulikt bokmål som mogleg. At så mange har kryssa av for tilpassing til talemål eller tilnærming til bokmål kan kanskje tyde på at dei ynskjer seg ei norm som er noko lunde lik den som faktisk føreligg. Valfridomen i dagens norm, om kanskje litt snevrare enn tidlegare, tillét begge desse tilpassingane til ein viss grad. Desse svara kan òg vere ein indikasjon på at elevane ikkje veit kva moglegheiter som ligg i dagens norm. At majoriteten svarar som dei gjer er ikkje overraskande. Som Fiskerstrand (2008) var inne på er det sannsynleg at fleire synest det er lettare å ha med å gjere ei talemålsnær norm. Det er heller ikkje usannsynleg at fleire kjenner seg tryggare med ei bokmålsnær norm, med tanke på kor mykje ein vert utsett for bokmål dømesvis i media.

Korrekt språkbruk

Selback (2001) kom i granskinga si fram til at dei yngre respondentane hennar var mindre opptekne av korrekt språkbruk enn dei eldre. Med ei respondentgruppe berre beståande av unge språkbrukarar er det såleis interessant å sjå på kva haldninga desse har til det å kjenne norma og å kunne bruke ho på ein god og korrekt måte. Det vil nok ikkje vere feil å anta at det kan finnast ein korrelasjon mellom haldning til korrekt språkbruk og kjennskap til norma.


Elevane blei spurde om det var viktig for dei å skrive rett, både på nynorsk og bokmål. Resultata er framstilt i høvesvis Figur 9 og Figur 10.

Er det viktig for deg å skrive rett på nynorsk?



Figur 9 Resultat "Er det viktig for deg å skrive rett på nynorsk?"

Er det viktig for deg å skrive rett på bokmål?



Figur 10 Resultat "Er det viktig for deg å skrive rett på bokmål?"

21 av elevane svara at det er viktig for dei å skrive rett på nynorsk, medan 16 svara det same for bokmål. På begge spørsmål er det 10 elevar som har svara "Nei". Dette spørsmålet kunne med hell vore supplert av eit spørsmål om dei synest det er viktig å *kunne* skrive rett, då det

gjennom intervjuet kom fram at dette er ein distinksjon fleire av elevane gjer. Dette var noko eg først blei merksam på i intervjuet med ei av jentene, *Sara*:

Intervjuar: Nei. Og så stilte eg spørsmålet-- om det er viktig for dykk å skrive rett nynorsk. Hugsar du kva du svara der?

Sara: - ja, det er litt sånn-- når eg skriv med venane mine så er ikkje det så viktig, men på skulen så er det, liksom, viktigare-- du vil liksom- få rett da.

Intervjuar: Synest du at eg kanskje at eg formulerte med litt därleg der? At det kanskje er ein skilnad mellom om det er viktig å skrive rett og om det er viktig å *kunne* å skrive rett?

Sara: Ja, kanskje det kunne vore eitt til der-- om det er viktig å kunne å skrive rett.

Intervjuar: Ja, du tenkjer at det er viktig å kunne det, men at det ikkje er alltid ein treng å gjere det?

Sara: Ja.

Tanken om denne distinksjonen hadde ikkje slått meg før, og spørsmålet oppsto spontant som ein reaksjon på det *Sara* fortalte. Ho meiner altså korrekt språkbruk er viktig i enkelte høve, men ikkje alltid. Dette var fleire andre elevar, mellom anna *Emma*, samde i:

Intervjuar: Eg spurte om det var viktig for dykk å skrive rett på nynorsk, då var det mange som var usikre. Kva tenkjer du?

Emma: Eg tenkjer litt- altså-- viss du tenkjer på prøver og sånn, da- då prøver eg å skrive så rett som mogleg- for liksom å få best mogleg karakter og sånn, men- for meg er ikkje det superviktig, at eg tenkjer sånn- "eg må kunne å skrive nynorsk- rett". Viss ein tenkjer litt sånn- "eg vil lære meg å skrive nynorsk hundre prosent riktig til framtida", liksom- slik tenkjer ikkje eg, men på prøver så prøver eg å skrive så rett som mogleg.

Emma gjev her uttrykk for at ho er mest oppteken av korrekt språkbruk i vurderingssituasjonar, noko som går att i intervjuet med *Emil*. På same spørsmål svara han mellom anna: "Med mindre det er på ein eksamen eller noko så-- har ikkje det nokon verdi for meg.". Dette støttar opp om tanken om at mange av elevane skil mellom *kunne* og *gjere* og at verdien i korrekt språkbruk for mange ligg i vurderingane. Det er ikkje usannsynleg at ei alternativ formulering på desse spørsmåla kunne gjeve heilt andre tal.

Emosjonelle bindingar

Emosjonelle bindingar til internaliserte og fastsette normer som Vannebo (1980) snakkar om har også mykje med haldning å gjere, då haldning og kjensler er tett knytt saman. Som nemnt tek eg dette til å meine at individ kan kome til å kjenne på ei viss emosjonell binding til ei fastsett norm (her nynorsk) mellom anna dersom den fastsette norma i ei eller anna grad samsvarer med den internaliserte (her talemål). Ut frå intervjuet kan det verke som at fleire av elevane kjenner på ei slags binding til nynorsken, og at dei identifiserer seg med han:

Sara: - eg synest eigentleg at det er bra. Fordi det er litt meir vårt eige, på ein måte, fordi bokmål er jo- frå dansken da-- så då blir det- ja, litt meir spesielt fordi det er ikkje så mange som skriv det, og sånn.

Enkelte ytringar gav også eit bilet av at enkelte av elevane ikkje heilt skil mellom talemål og nynorsk. Dette dukkar det opp fleire døme på som eg vil drøfte i delkapittel 4.1.4. Eitt av dei vil eg likevel ta her. På spørsmål om kva generelle tankar han har kring nynorsk svara ein av elevane følgjande:

Emil: Ja, altså, eg likar jo å vere nærare nynorsk enn bokmål, eg synest det gjer oss litt forskjelle på ein god måte. Eg likar litt forskjelle ting. Ikkje at alle snakkar likt og- eg synest det er ganske gøy og-- berre kanskje å snakke om morosame ting på vår dialekt- sånn viss vi skal seie ”jeg, jeg, jeg” så blir det ”e, e, e”, e tre gongar. Nei, eg likar det eigentleg. Eg trur eg ville valt nynorsk framføre bokmål viss eg hadde valet.

Desse svara, og fleire andre, kan tyde på at mange av elevane har ei affektiv vurdering av nynorsk som målform, og at dei i større eller mindre grad identifiserer seg med nynorsk på bakgrunn av talemålsnærleik.

4.1.2 Oppfatta kjennskap til norm og valfridom

Dette delkapittelet går på elevane sin oppfatta kjennskap i høve til norma generelt, og til valfridomen spesielt. Valfridomen er ein viktig del av nynorsknormalen, og sjølv om elevane kanskje ikkje kjenner til omgrepene eller kan eksplisitt formulere kva det inneber kan ein likevel finne måtar å granske oppfatningane deira av han på. Eg vil sjå på korleis elevane vurderer eigen kjennskap til norma og, til dels, deira eigen bruk av ho. Fleire av resultata som blir presenterte i dette kapittelet vil gå igjen også seinare i oppgåva, då dei også kan bidra til å seie noko om mellom anna medvit til eigen kjennskap og bruk.

Norm

Eitt av prinsippa bak den nye rettskrivinga var at den skulle vere lett å bruke uansett formell utdanning (Språkrådet 2011: 3). Uavhengig av korleis norma ser ut, fordrar dette ein viss kjennskap. Éin ting er kva kjennskap elevane faktisk har, ein annan er kva kjennskap dei sjølve oppfattar at dei har. Eg freista difor å undersøke korleis elevane sjølve vurderer eigen kunnskap og kjennskap om og til norma. Dette kan igjen seie noko om korleis norma ser ut i elevane sine auger.

Eit svært relevant aspekt ved elevane sin oppfatta kjennskap handlar om korleis dei vurderer norma, slik dei ser ho, i høve til vanskegrad. Dei blei såleis bedne om å ta stilling til påstanden ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk”.

Svaralternativa var graderte på ein skala frå ”Ikkje i det heile” til ”Veldig”. For å unngå at dei som var veldig usikre eller mangla formeining skulle velje eit tilfeldig svar, inkluderte eg også alternativet ”Verken eller”. Resultata er framstilt i Figur 11 under.



Figur 11 Resultat ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk”

Som vist i diagrammet kryssa over halvparten av for alternativet ”Litt”, medan færrest, berre to elevar, kryssa av for ”Veldig”. At fordelinga ser slik ut er kanskje ikkje overraskande. Det kan tenkast at ”Litt” er det mest tilgjengelege svaralternativet, medan terskelen for å svare ”Veldig” kanskje er i høgaste laget. Sjølv om ”Verken eller” var meir meint som eit alternativ til ”Veit ikkje” er det nok ikkje utenkjøleg at fleire har sett på dette som ein mellomting mellom ”Litt” og ”Ganske”. Dette kan ein likevel ikkje vite. Alt i alt er det relativ få elevar som meiner at dette er ei stor utfordring, og såleis kan ein uteie at majoriteten av elevane vurderer sin eigen kjennskap til norma som ganske god.

I intervjuet viste det seg at elevane sjeldan reflekterer over eigen kjennskap. Dette kan ein illustrere med svara *Jakob* gav i intervjuet når vi snakka om kjennskap til innhaldet i norma:

Intervjuar: Når eg spurte om du synest at det er vanskeleg å vite kva som er lov eller ikkje i nynorsk svara du *litt*, og det same for bokmål. Tenkjer du at det er nokon skilnad der?

Jakob: - veit ikkje-- eg har berre mange feil på prøver og sånn. Ja, spesielt lange tekstar og sånn, da.

Intervjuar: Blir du nokon gong usikker når du skriv nynorsk? Sånn med innblanding av dialekt eller bokmål-

Jakob: Nei ikkje eigentleg- det er når eg får det igjen at eg ser at-- det har vore nokre feil, da.

Jakob sine ytringar i denne dialogen kan tyde på at han i realiteten har mangelfull kjennskap til norma, men at dette er noko han først tenkjer over når andre påpeiker det. Såleis vurderer han eigen kjennskap i utgangspunktet som god. Det kom også fram at fleire av elevane går etter eige ”språkøyre” når dei skal vurdere om variantar er lov og ikkje, og at dei kanskje ikkje tenkjer vidare på det utover om det ”høyrest rett ut” eller liknande. *Ingrid* var ei av dei som meinte det var uproblematisk å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk. På spørsmål om kva ho gjer om ho blir usikker svara ho at, dersom ho ikkje har tilgang til ordbok, tek ho avgjersler basert på kva som ”ser rett ut”.


Eit anna aspekt ved den oppfatta kjennskapen elevane har til norma er bruk av ordbok. Som nemnt hadde Aanes (2011) ei hypotese som gjekk på samanhengen mellom bruk av ordbok og kjennskap til norma. Her drog eg fram to aspekt ved dette som eg vil gjenta her:

- Elevar som rapporterer om mykje og god bruk av ordliste har god oversikt over tilgjengelege og rette former som følgje av dette.
- Elevar som allereie har god oversikt over tilgjengelege og rette former rapporterer om mindre bruk av ordliste som følgje av dette.

Dette kan bety at det ikkje nødvendigvis treng å vere nokon samanheng mellom rapportert bruk av ordbok og kjennskap til norma, noko eg vil kome attende til i kapittelet som ser på medvit. Det som derimot er interessant her er kva rapportert bruk av ordbok kan seie oss om

elevane si oppfatning av eigen kjennskap. Finnest det for eksempel ein korrelasjon mellom manglande ordbokbruk og oppfatta god kjennskap? Elevane blei såleis stilt spørsmålet ”Brukar du ordbok når du skriv?”. Resultata er framstilt i Figur 12 under.

Brukar du ordbok når du skriv?




Figur 12 Resultat ”Brukar du ordbok når du skriv?”

Dette resultatet kan ved første augekast verke overraskande. Ingen av elevane har kryssa av for ”Ja, heile tida”, medan over halvparten har kryssa av for ”Nei, aldri”. Dersom ein ser nærmare på det er det kanskje ikkje så rart at ingen har kryssa av på det førstnemnde.

Svaralternativet var meint til å tyde noko som ”Ja, stadig vekk” og er dårleg formulert. Dei færreste nyttar vel ordbok *heile tida*. Gjennom samtale med ein lærar ved skulen har eg lært at elevane ikkje har tilgang til fysiske ordbøker for den gjeldande skriftnormalen, men at dei jamt har høve til å nytte ordbok på nett. Dette gjeld derimot ikkje i prøvesamanhangar og liknande. Det høge talet avkryssingar på ”Nei, aldri” er kanskje det som er mest interessant. Spørsmålet som melder seg i dette høvet er ”Kvífor?”. I tillegg kan det vere nyttig å finne ut kva dei som melder at dei nyttar ordbok nyttar den til.


Spørsmål kring kva elevane nyttar ordboka til kan seie mykje om kva dei eventuelt opplever som vanskeleg i skriftnormalen og såleis fortelje noko om oppfatningane dei har av han. Elevane som svara ”Ja, nokre gongar” fekk såleis spørsmålet ”Kva brukar du ordboka til oftast når du skriv nynorsk?”. Her hadde eg laga fem svaralternativ basert på eigne oppfatningar av kva ein oftast treng ordbok til i skulen. I tillegg la eg til alternativet ”Anna” som ville opna for å skrive inn eigne alternativ. Ingen av elevane valde dette.



Figur 13 Resultat "Kva brukar du ordboka oftast til når du skriv nynorsk?"

Elevane kunne krysse av for så mange alternativ dei sjølve ynskte. 18 elevar svara på spørsmålet, og det er sett 35 kryss. Flest avkryssingar er det på svaralternativet ”Sjekke skrivemåte”, etterfølgd av ”Finn ut kva eit ord tyder” og ”For å stadfeste at eit ord er tillate”. Overraskande få avkryssingar, berre tre, var det på alternativet for bøyning. Det kan altså verke som at elevane sjølve oppfattar at dei har størst behov for hjelp når det kjem til ortografi og ordtilfang.

Elevane som svara at dei ikkje nytta ordbok fekk spørsmålet ”Kvífor brukar du ikkje ordbok?”. Alle bortsett frå 2 elevar svara her anten ”Eg gidd ikkje” eller ”Eg har ikkje behov for det”. Resultatet er framstilt i Figur 14 under.



Figur 14 Resultat "Kvífor brukar du ikkje ordbok?"

Frå dette kan det verke som at halvparten av dei til saman 40 elevane meiner anten at dei sit på den kjennskapen dei treng, eller at bruk av ordbok ikkje er ein prioritet. Dette siste kan sjølv sagt henge saman med fleire faktorar. Enkelte kan dømesvis oppleve bruk av ordbok som for tidkrevjande. Ein av dei som svara at han ikkje nytta ordbok var *Emil*, dette snakka vi meir om i intervjuet:

Intervjuar: Mhm. Eg spurde om du brukar ordbok, og då svara du-

Emil: Nei.

Intervjuar: Ja, kva tenkjer du om det?

Emil: Berre- først og fremst så er eg veldig därleg på det, det tek litt lang tid for meg å finne ord. Ofte så-- berre går eg rett over utan å merke det og- av og til er det berre ikkje viktig nok for meg å begynne å styre med det-- så eg berre- går med det eg trur er rett. Sjølv om det er på ei prøve eller ikkje.

Emil gjev uttrykk for at han finn bruk av ordbok både vanskeleg og tidkrevjande og at han på bakgrunn av dette vel det vekk. Det ville vore tenleg å spørje *Emil* om denne ytringa gjeld både fysiske ordbøker og ordbok på nett, og kva av desse han eventuelt har erfaring med å bruke frå tidlegare. Spørsmålet er om han potensielt ville vore meir truande til å bruke ordbok om dei hadde hatt jamnare tilgang til ordbok på nett på skulen, då desse objektivt sett kan seiast å vere mindre krevjande å bruke.

Om der er ein samanheng mellom bruk av ordbok og oppfatta kjennskap er vanskeleg å seie. Det er ikkje nødvendigvis slik at alle som ikkje nyttar ordbok vurderer eigen kjennskap som god. Dette er sitata ovanfor eit godt eksempel på. Det er heller ikkje sikkert at dei som brukar ordbok vurderer eigen kjennskap som därlegare enn dei som ikkje brukar ordbok. Dei som svara ”Eg har ikkje behov for det” i Figur 14 er vel dei som i størst grad viser ei kopling til oppfatta kjennskap, men dette svaret kan like gjerne reflektere låg interesse for korrekt språkbruk.

Valfridom

Valfridom var noko av det eg hadde flest spørsmål knytt til ved starten av prosjektet. Kjenner elevane til valfridomen? Brukar dei han? Tenkjer dei at valfridomen gjer det lettare eller vanskelegare å vere nynorskbrukar? Både Aanes (2011) og Berg (1999) såg på kjennskap til valfridomen og konkluderte med at denne var manglande. Sjølv merka eg at det kunne bli vanskeleg å stille direkte spørsmål om valfridom i mi eiga gransking, mykje grunna alderen til respondentane. Desse tankane blei bekrefta av lærarane ved skulen som var usikre på om elevane ville vere i stand til å svare på slike spørsmål. Ettersom elevane har manglande kunnskap kring kva valfridom som fenomen er, har dei heller ikkje noko oppfatta kjennskap til han, i alle fall ikkje eksplisitt. Såleis freista eg heller å granske korleis elevane sin oppfatta bruk av valfridomen ser ut. Både Aanes (2011) og Berg (1999) stilte i sine granskningar spørsmål om elevane sjølve meinte at dei hadde utvikla sin eigen skriftnormal gjennom skulegangen, med andre ord om dei nyttar seg av valfridomen i eigen skriftbruk. Dette synest eg er ein god måte å kome inn på temaet valfridom på, og valde såleis å nytte eit liknande spørsmål. *Skriftnormal* kan for mange vere eit ukjent omgrep, uavhengig av alder, og på bakgrunn av dette valde eg å heller nytte formuleringa ”min eigen måte å skrive nynorsk på”. Resultata er framstilt i Figur 15 under.



Figur 15 Resultat "I løpet av skulegangen har eg utvikla min eigen måte å skrive nynorsk på"

Svara på denne påstanden er relativt sprikande, og det er vanskeleg å seie kva kvar enkelt elev har lagt i formuleringa ”eigen måte å skrive nynorsk på”. 12 av elevane svara at påstanden passar svært, eller ganske bra, medan 13 kryssa av for alternativet ”Verken eller”. Det er truleg at dei sistnemnde elevane er usikre på kva påstanden inneber. Det sprikande

resultatet og den uklåre formuleringa gjorde det høgst interessant å spørje vidare om dette i intervjuet.

Eg hadde på førehand avgjort at eg skulle stille direkte spørsmål om valfridom i intervjuet, då intervjustituasjonen opnar for forklaringar undervegs. Eg var spesielt interessert i høyre kva dei som svara ”Passar svært bra” eller ”passar ganske bra” la i svara sine. Ingen av dei 10 eg intervjuet hadde svara førstnemnde, men både *Ella* og *Emil* svara sistnemnde. Basert på utvekslinga eg hadde med *Emil* på temaet kan det verke som at han tolka påstanden meir eller mindre bokstavleg:

Intervjuar: Ok. Du sa det at du til ein viss grad har utvikla ein eigen måte å skrive nynorsk på--

Emil: Ja- eg veit ikkje heilt om eg oppfatta spørsmålet riktig, men eg meiner berre sånn at- du har di eiga oppfatning av kva-- nynorsk er- og kanskje du tenkjer at ”det ordet er nynorsk” og så er det eigentleg ikkje det, og så brukar du det, og seier at det er nynorsk. Og det trur eg at eg til ei viss grad har gjort.

Her kjem det fram at *Emil* har si eiga oppfatning av kva nynorsk er, og at han ser på det som uproblematisk å følgje denne. Likevel kan det verke som at han skjøner grunnprinsippet bak valfridom, utan at han nødvendigvis er medviten at dette er noko som finst. *Ella* hadde ei liknande oppfatning. Alle elevane blei spurde ut om valfridom. I første rekke fekk dei spørsmål om dei visste kva det er, dernest forsøkte eg å forklare det for dei. Etter å ha vore gjennom dette med *Ella*, kom vi inn på dette med å utvikle ein eigen måte å skrive på:

Ella: Altså- det kan godt vere at det eg skriv er feil- men eg-- det er på ein måte - sånn det er relevant for meg fordi det er sånn heilt- på en måte-- gammal nynorsk- det er på ein måte heilt feil for meg å skrive- så eg finn på ein måte lettare ord, da- å kunne skrive.

Heller ikkje *Ella* er sikker på om ho følgjer den offisielle rettskrivinga, men det kan verke som at ho også har skjøna grunnprinsippet, og at ho nyttar valfridom, reell eller oppfatta, til å tilpasse skriftspråket på ein måte som er tenleg for henne. *Ella* svara også at ho synest at valfridomen gjer det ”greiare” å skrive nynorsk, noko som tyder på at ho stiller seg open for ein vid skriftnormal. Dette synet deler *Sofie*, som fortel om at ho truleg nyttar valfridomen umedviten:

Sofie: Eg tenkjer ikkje så mykje over det, fordi-- altså, eg veit jo at det går an, men eg brukar eigentleg berre det ordet som høyrest minst nynorsk ut, fordi eg føler at det er måten eg likar å skrive på

Samla sett er svara til dei intervjua elevane delte i spørsmålet om valfridom. Dei fleste er derimot einige i at ein vid skriftnormal kan vere ein fordel, men berre dersom språkbrukarane har god kjennskap til han og at det føreligg tydelege reglar:

Oskar: Eg synest no at det er bra, men det kan bli forvirrande- om det ikkje er ein bestemt regel å følgje.

Ein siste indikasjon på kva elevane tenkjer om valfridom kan ein finne i resultata i Figur 8 i kapittelet om haldningar. Her kom det fram at majoriteten av elevane meinte at norma anten burde tilby moglegheiter for talemåltilpassing eller bokmåltilnærming. Dette kan tenkjast å peike på eit ynskje om ein vid skriftnormal.


4.1.3 Tilhøve mellom nynorsk og bokmål

Med omsyn til tilhøve mellom nynorsk og bokmål var det spesielt tre forhold eg ville granske. Det første går på elevane si vurdering av kor vanskeleg, eventuelt lett, nynorsknormalen er, samanlikna med bokmål. I innleiinga av oppgåva nemnde eg at det var eit mål frå Språkrådet si side at norma skulle vere lett å bruke. Vanskegrad er relativt, og såleis vanskeleg å måle utan eit samanlikningsgrunnlag, og det er altså her bokmålsnorma kjem inn i biletet.

Vidare vil eg sjå på bokmålsinnverknad, både oppfatta og faktisk, og det eg har kalla *aktiv avstand*. Eg er interessert i å finne ut, mellom anna, om elevane sjølve meiner at dei blandar inn bokmålsord når dei skriv nynorsk, om samanfall mellom bokmåls- og nynorskord gjer dei usikre og om dei eventuelt tek avstand frå slike ord for å unngå normbrot. Ved å granske bokmålsinnverknad og aktiv avstand kan ein forhåpentlegvis seie meir om kva norma inneheld i elevane sine auger.


Lett å bruke?

Til å seie noko om elevane si vurdering av vanskegraden til nynorsknormalen kan ein nytte resultatet på spørsmålet ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk?”, allereie presentert i kapittel 4.1.2:



Figur 16 Resultat ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk” 2


Her svara, som vist, majoriteten av elevane ”Litt”, medan færrest svara ”Veldig”. Resten av avkryssingane var relativt jamt fordelte på dei resterande alternativa. Dette fortel oss at få elevar meiner at det er svært vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk, utan at det er lett å seie nøyaktig kva dette inneber. Det er altså lite ein kan seie om vanskegraden til nynorsk ut frå desse resultata åleine. På same spørsmål, berre for bokmål, såg resultatet slik ut:



Figur 17 Resultat ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i bokmål”

Det mest iaugefallande ved dette resultatet er i første rekke at ingen har kryssa av for ”Veldig” eller ”Ganske”. Det er framleis ei overvekt av avkryssingar på ”Litt”, og heile 14 elevar har svara ”Inkje i det heile”. Dette er over dobbelt så mange som i nynorskresultatet. Dette gjev sterke indikasjonar på at fleire av elevane finn bokmål enklare enn nynorsk. Vil eit direkte spørsmål om dette gje tilsvarende resultat? For å få svar på dette blei elevane bedne om å ta stilling til påstanden ”Eg synest den eine målforma er vanskelegare enn den andre”.

”Eg synest den eine målforma er vanskelegare enn den andre”




Figur 18 Resultat ”Eg synest den eine målforma er vanskelegare enn den andre”

Fordelt på to alternativ svara 23 elevar at dei to målformene har lik vanskegrad i deira auger. Dei fleste av desse svara at målformene er ”like enkle”. Av dei som svara at dei finn ei av målformene vanskelegare enn den andre, svara klart flest at nynorsk er vanskelegare. Dette snakka fleire av elevane også om i intervjuet. *Emma* var ein av dei som meinte at nynorsk er vanskelegare enn bokmål, kanskje mest fordi ho kjenner på ein slags automatikk når ho skriv bokmål.

Emma: Ja- altså –eg har litt lettare for å –skrive bokmål liksom, då kan du berre sitte og tenkje inni hovudet liksom, men i nynorsk så kan det bli litt sånn- ja-- litt sånn som eg sa, da.

Når ho seier ”... sånn som eg sa, da.” viser ho til ei ytring tidlegare i intervjuet der ho hevda at ho har lett for å ”overtenkje” nynorsk, noko som fører til at ho ofte endar med å skrive svært konservativt.

Resultatet viser altså at majoriteten av elevane meiner at bokmål og nynorsk stiller likt når det kjem til vanskegrad. Dei som meiner at nynorsk er vanskelegare enn bokmål utgjer den nest største gruppa. Dette kan vidare underbyggjast ved hjelp av resultatet på spørsmålet ”Når har du mest bruk for ordbok?”:



Figur 19 Resultat ”Når har du mest bruk for ordbok?”


Dette spørsmålet blei berre aktivert hjå dei som svara at dei brukar ordbok, og det er såleis berre 18 elevar som har svara på det. Likevel speglar det godt dei tidlegare resultata på emnet. Dersom ein går ut frå at elevane har teke med vanskegraden til dei to målformene i vurderinga av dette spørsmålet ser ein igjen at dei som meiner at dei to stiller likt utgjer den største gruppa, følgd av dei som meiner at nynorsk er vanskelegare.

I kapittelet som tok føre seg haldninga såg vi at fleire elevar var opptekne av å skrive rett på nynorsk enn på bokmål, og at ”berre” litt over halvparten av elevane meinte at det var viktig å skrive rett på nynorsk. Dette kan vere ein faktor som har påverka desse resultata. Om ein ikkje er spesielt oppteken av å skrive rett, er det heller ikkje sikkert at ein tenker på det å følgje norma som vanskeleg.

Bokmålsinnverknad og aktiv avstand

Vidare ville eg, som nemnt i innleiinga, sjå på elevane sin oppfatta bokmålpåverknad. Med dette meiner eg i kva grad elevane sjølve meiner å blande inn bokmålsord som ikkje høyrer til i nynorsknormalen når dei skriv. Dette gjorde eg enkelt ved å eksplisitt spørje om nettopp det:

Trur du at du nokre gongar blandar inn bokmål når du skriv nynorsk?



Figur 20 Resultat "Trur du at du nokre gongar blandar inn bokmål når du skriv nynorsk?"

Eit klårt fleirtal av elevane svara "Ja" på dette, og berre fire svara "Nei". Fleire av elevane svara i intervjuet at dei vel å skrive ei form for nynorsk som heller mot bokmål. Om dei her meiner ei tilpassing mot bokmål innanfor rammene til skriftnormalen, eller ei som bryt med desse er vanskeleg å seie.

Oppgåve 2 i spørjeskjemaet var meint til å studere både faktisk bruk og kjennskap til norma. Fire av spørsmåla i denne oppgåva inneheldt ikkje-tillatne bokmålsvariantar som svaralternativ. Desse var *noen*, *dere* og *annen*. *Dere* var alternativ på to av spørsmåla. Elevane skulle krysse av for dei alternativa dei sjølve ville nytte når dei skriv nynorsk. Talet på avkryssingar på desse, totalt, fire svaralternativa ser slik ut:


* Dere (subj.)	5 (13%)
* Dere (obj.)	2 (5%)
* Noen	1 (3%)
* Annen	5 (13%)

Tabell 5 Avkryssingar bokmålsvariantar, oppgåve 2

Som vist er det flest avkryssingar for *dere* som subjektsform, og *annen*. Ei potensiell årsak til at det er fleire avkryssingar for *dere* som subjektsform enn objektsform vil eg kome tilbake til i kapittelet under. Totalt sett utgjer avkryssingane for desse variantane ein heller liten del, så sjølv om desse formene tilsynelatande blir brukt av enkelte elevar, er det av svært få.

Eit anna spørsmål som dukkar opp i samband med tilhøve mellom bokmål og nynorsk er om delar av ordtilfanget kan bidra til ei usikkerheit knytt til norma. Den nynorske skriftnormalen tillét fleire ord og variantar som er samanfallande med bokmålsvariantar, og det er helst i tilfelle der ord har ein ”nynorskvariant” og ein ”bokmålsvariant” at det kan oppstå ei usikkerheit. Eg bad difor elevane ta stilling til påstanden ”Eg kan bli usikker på eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som bokmålsord”.

”Eg kan bli usikker når eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som bokmålsord”



Figur 21 Resultat ”Eg kan bli usikker når eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som bokmålsord”

Svara på dette var svært spreidde, og dei fleste svara anten ”Verken eller” eller ”Passar i liten grad”. Likevel meiner 15 elevar at påstanden passar ganske, eller svært bra. Dette vil seie at usikkerheita kring bokmålsord er reell for fleire av elevane. Denne usikkerheita kan potensielt føre til at ein tek aktiv avstand frå ”bokmålsnære” ord.


Av elevane eg intervjuva var det mest ingen som nemnde direkte på denne usikkerheita knytt til bokmål, og dei fleste meinte at ei slik forvirring er meir aktuell når det kjem til talemålsnære variantar. *Sara* hadde likevel nokre tankar kring dette med forvirring kring bokmålsord:

Sara: Det- fordi-- det er jo mange ord som er veldig like bokmål, så då blir det jo vanskeleg og sånne ting. Men det er berre å spørje om hjelp av læraren, og så forklarar han at det og det er nynorsk og det og det er bokmål, så-


Her viser *Sara* at ho er medviten det samanfallande ordforrådet mellom nynorsk og bokmål, men ho nemner ingen konkrete følgjer av dette. Også *Nora* var inne på denne forvirringa når det kjem til samanfall mellom nynorsk og bokmål. Ho nemnte på dette i samband med valfridom:

Nora: -det kan kanskje bli litt forvirrande, da- viss det liknar på bokmål, da.


Når det kjem til dette med å ta aktivt avstand frå bokmålsord for å unngå normbrot vil eg trekkje fram 4 variantpar frå kategorien *kontrastord* i variantutvalet; nemleg *berre/*bare*, *no/nå*, *då/da* og *skule/skole*. Alle er henta frå oppgåve 1 i spørjeskjemaet. Dei tre siste har alle ein tillaten variant som samsvarer med bokmålsvarianten av desse orda. *Bare* er ikkje tillate ifølgje den offisielle rettskrivinga. Likevel er dette et frekvent ord i bokmål og det er ikkje tvil om at elevane er jamt eksponerte for denne varianten. I spørjegranskinga blei elevane bedne om å ta stilling til om kvar av desse er lov å skrive i nynorsk. Eg vil her presentere resultata for ”bokmålsvariantane”.




Figur 22 Resultat "Da"



Figur 23 Resultat "Nå"



Figur 24 Resultat "Skole"



Figur 25 Resultat "Bare"

Til trass for at tre av fire variantar er tillatne i nynorsk svara majoriteten at dette ikkje er tilfelle. Størst semje er det kring *nå* som heile 90% meiner ikkje er tillate i nynorsk. Interessant nok er varianten det er størst usemje kring *bare*, den einaste av dei fire som ikkje er tillaten i den offisielle rettskrivinga. Desse resultata viser i første rekke at elevane manglar litt på normtryggleiken, noko eg skal kome attende til seinare. Vidare kan dei fortelje om ein manglande tryggleik når det kjem til ord i grenseland mellom nynorsk og bokmål.

Emma fortel i sitt intervju om det å ta avstand frå ulike variantar for å unngå å gjere normbrot. På spørsmål om kva ho sjølv nyttar av variantane *søster/syster* og *søsken/ sysken* seier ho at ho vel variantane med *y* i stammen, til trass for at ho nyttar *ø* i tale:

Emma: Ja- altså- eller- eg veit ikkje heilt, for no er det sånn- no skriv eg det kanskje automatisk når eg skriv ein nynorsk tekst, men det er jo *søster* og *søsken* eg seier. Men det kan hende. Det er alltid litt sånn- viss eg er usikker mellom to ord så vel eg det som er mest nynorsk og som høyrest veldig nynorsk ut.

Ho grunngjев valet sitt med at variantane med *y* ”er mest nynorsk”. Dette er kanskje ein taktikk nyitta for å unngå å gjere feil. Her er det ikkje greitt å seie om ho tek avstand frå bokmål, talemål eller begge.


4.1.4 Tilhøve mellom nynorsk og talemål

Så godt som alle dei deltagande elevane har same talemål. Dette kan omtalaast som eit nordre sunnmørsk målføre. Dialekten ber likskapstrekk til både nynorsk og bokmål, men kan til sjuande og sist beskrivast som nynorsknær. Før eg går vidare til å drøfte tilhøvet mellom nynorsk og talemål slik det kjem fram i dette prosjektet vil eg gjere greie for enkelte trekk ved den nemnde dialekten som kan vere relevante vidare.

Eit typisk trekk for fleire dialektar nord på Sunnmøre er bortfall av *-r* i presens av svake verb av typen a-verb og e-verb, så vel som i ubunde fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord. Ord som *snakkar* og *kattar* vil såleis bli uttalte *snakka* og *katta*. Dialekten til elevane skil ikkje mellom subjekts- og objektsform for personlege pronomen, med unntak av eit inkonsekvent skilje mellom *oss* og *vi*. Det har tradisjonelt sett vore vanleg å bruke *oss* (ev. *øss*) i subjektsposisjon, men særleg blant yngre har det blitt vanlegare å veksle mellom *oss* og *vi* i denne posisjonen. 2.person fleirtal vert uttala *dåkke* (gjerne skrive *dokke*) eller *døkke*. Det tilhøyrande eigedomspronomenet blir uttala *dåkka* (ev. *døkka*). Elles er det stor variasjon i val av vokal i ord med valfri *y/ø* i stammen i tale, både interindividuelt og intraindividuelt.

Talemålsinnverknad

Berg (1999) kunne fortelje at mange av informantane hennar sjølve meinte at dei nytta eit meir konservativt skriftspråk på skulen, medan dei elles nytta eit meir radikalt eller talemålsnært skriftspråk (Berg 1999: 54). Vi har allereie sett at det er svært varierande kor opptekne elevane i mi eiga gransking er av å kunne skrive rett nynorsk. I det høvet kom det også fram at fleire meinte at verdien i å skrive rett nynorsk er større dersom dei blir vurderte på det. Difor ynskte eg å sjå på korleis dei skriv når dei er på skulen, men ikkje blir vurderte. Elevane fekk såleis spørsmålet ”Kva målform brukar du når du noterar i timane?”.




Figur 26 Resultat "Kva målform brukar du når du noterar i timane? (Ikkje engelsk)"

Over halvparten av elevane svara at dei noterar i ei blanding mellom dialekt og nynorsk. Fire elevar kryssa av for alternativet "Berre nynorsk" og ingen valde "Berre bokmål". Om ein kombinerer kategoriane som inneholdt dialekt ser vi at 25 av 40 elevar brukar dialekt i ei eller anna utstrekning når dei noterar. Dette, i kombinasjon med utsegner frå intervjuet, kan indikere at fleire nyttar ein talemålsnær måte å skrive på også i andre situasjonar. Ein slik vane med å skrive talemålsnært kan vere med på å auke ein eventuell talemålsinnverknad på nynorsken, eller bidra til usikkerheit kring talemålsnære ord.

På spørsmål om dei blir usikre når dei skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som dialektord var svara svært delte, på same måte som dei var på tilsvarende spørsmål for bokmål. Resultata kan ein sjå i Figur 27 under:

"Eg kan bli usikker når eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som dialektord"



Figur 27 Resultat "Eg kan bli usikker når eg skriv nynorsk fordi enkelte ord høyrest ut som dialektord"

Fleire av elevane fekk spørsmål om dette i intervjuet, og det verka som at dette var noko fleire av dei hadde tenkt over. To av elevane kunne fortelje at foreldra deira ikkje deler dialekten deira, og at dette kan føre til auka forvirring. Éin av desse var *Sofie*:

Sofie: Ja, fordi- mamma og pappa skriv bokmål, så eg har vore nøydd å lære meg nynorsk heilt sjølv og dei snakkar heilt ulikt frå det vi gjer her så eg blir veldig forvirra over dialektane. Men viss eg skriv nynorsk sjølv, så går det ganske greitt.

Her er det altså ikkje snakk om forvirring forårsaka av berre éin dialekt, men fleire. Det kan også verke som ho blir mindre usikker når ho er aleine og ikkje omgjev seg med ulike dialektar.

Om ein ser på svara på spørsmålet ”Trur du at du nokre gongar blandar inn di eiga dialekt når du skriv nynorsk?” er resultatet svært tydeleg:



Figur 28 Resultat ”Trur du at du nokre gongar blandar inn di eiga dialekt når du skriv nynorsk?”

33 av elevane svara ”Ja” på dette, noko som utgjer heile 83%. Dette viser tydeleg at talemålsinnverknad eller -forvirring er ei reell problemstilling. *Emma* uttala seg i intervjuet om korleis ho oppfattar dette på klassenivå:


Emma: Ja, det blir fort sånn- eg merkar det-- i timane og sånn. Når- for eksempel- etter at vi har hatt ei innlevering eller ein tentamen, så går vi gjennom litt sånne klassiske feil, og då er det-- eg trur det er mange av oss i klassen som-- fordi dialekten vår er jo meir nynorsk enn bokmål, og då er det mange som trur at sånne ting vi seier er rett, men så er det feil, og det er sånn eg ofte trur da.

Den siste setninga i denne utsegna peikar på det Fiskerstrand (2008) snakka om; Nemleg at elevar med ein nynorsknær dialekt kan risikere å støtte seg for mykje på denne. Også *Maja* kunne fortelje at talemål fort blir ei forvirring når ho skal skrive nynorsk:

Maja: - sånn-- heime, da- så kan det vere litt forskjelle- dialektar eller noko sånn- og når ein skal jobbe med nynorsk, for eksempel i lekser, då blir det litt sånn blanding.


For å illustrere denne talemålsinnverknaden (eventuelt forvirringa) vil eg drage fram nokre eksempel frå spørjegranskninga. I oppgåve 2 skulle elevane krysse av for kva alternativ dei sjølv vil nytte når dei skriv nynorsk. Her hadde dei høve til å krysse av for så mange av alternativa som dei sjølve ynskte. Dei to framstillingane i Figur 29 og 30 tek føre seg 2. person fleirtal, i høvesvis subjekts- og objektsposisjon.

I tillegg til dei ”openberre” alternativa *de/dokker* og *dykk/dokker*, var også talemålsvarianten *dokke* og bokmålsvarianten *dere* inkluderte som svaralternativ. Resultata var overraskande. Der dei skulle velje subjektsform svara heile 68% (27 elevar) dialektalternativet *dokke*. Berre éin elev kryssa av for det ”nye” alternativet *dokker*, noko som, med bakgrunn i kor talemålsnær denne varianten er, gjev grunn til å tru at mange ikkje er klar over den. Totalt på dette spørsmålet er det berre 12 avkryssingar på dei formene som er tillatne ifølgje den offisielle rettskrivinga.



Figur 29 Resultat Resultat 2. person fleirtal subjektsform

Resultata for objektsform ser noko annleis ut:




Figur 30 Resultat 2. person fleirtal objektsform

Her har 68% kryssa av for alternativet *dykk*. Talet på elevar som har kryssa av for *dokke* er framleis høgt, men mykje lågare enn på førre. Det er vanskeleg å seie kva som gjer at fleire vel *dykk* enn *de*. Kanskje kan dette skuldast at *dykk* er eit relativt tydeleg nynorskord, medan *de* kan oppfattast som bokmål. Dei fleste som blei spurta oppatt om dette i intervjua heldt fast på *dokke*:

Ella: Det var vel *dokke* der også. Det er liksom det eg seier også. Eg seier på en måte *døkke* og *dokke* og alt sånn. Så det blir på ein måte- på ein måte-- det eg skriv også då. Eg er så vand med det, så det blir liksom naturleg.


Kinn (2011) skriv at forma *dykk* er særleg upopulær og at mange heller nyttar dialektvariantar enn denne. Han seier også at sjølv om *de* ikkje er like upopulært resulterer ”sviktande talemålsgrunnlag” i skiljet mellom subjekts- og objektsform i at fleire vel dialektvariantar eller objektsform også i subjektsposisjon (Kinn 2011: 9). Dette kan til dels forklare resultata i figurane over.

I same oppgåve kom det fram at 17 av elevane også nyttar talemålsvarianten *noken* når dei skriv nynorsk. Ved å legge saman tala i dette resultatet viser det seg at fleire må ha svara dette som einaste alternativ.




Figur 31 Resultat Nokon/Noen/Noken

Eit anna trekk ved dialekten til elevane, som eg var inne på tidlegare, er eit ikkje-fastlagt mønster i val av vokal i ord med valfri *y/ø* i tale. Dette kjem også til syne i resultata i Figur 32 og 33, henta frå oppgåve 2 i spørjeskjemaet. I valet mellom *syster* og *søster* er svara relativt likt fordelt mellom dei to alternativa. Om ein derimot ser på resultata for *fyrst* og *først* kan ein sjå ein klår preferanse for alternativet *først*. Truleg legg mange av elevane vekt på eige talemål når dei vokal i stammen for desse orda og det er ikkje usannsynleg at mange brukar varianten *først* i tale. Ettersom dette er eit ord med relativt høg frekvens i bruk, og at varianten med *ø* slett ikkje er uvanleg i nynorsk, kan det tenkast at elevane kjenner seg trygge på at denne er tillaten i nynorsk. Det er mogleg at usikkerheita er større kring *søster/syster* som ikkje kan seiast å vere like frekvent i bruk.



Figur 32 Resultat syster/søster



Figur 33 Resultat fyrst/først

Resultata presenterte i dette delkapittelet viser tydeleg at elevane blir påverka av eige talemål når dei skriv nynorsk. Om det er snakk om direkte talemålsinnverknad er vanskeleg å seie. Førekomsten av desse orda potensielt ha bakgrunn i medvitne val om å bruke dialektord.

4.2 Normkunnskap

I dette kapittelet vil eg, i første omgang, forsøke å seie noko om elevane sin normtryggleik basert på den faktiske språkbruken og kjennskapen til norma dei har vist gjennom dei kunnskapsgranskande oppgåvene i spørjeskjemaet. Vidare vil eg nytte dei same oppgåvene i kombinasjon med andre spørsmål frå granskingsa til å eventuelt seie noko om medvitsnivået til elevane.

4.2.1 Normtryggleik og faktisk bruk

Enkelte resultat frå dei kunnskapsgranskande oppgåvene har allereie vore presenterte i kapittelet om normoppfatninga, og før eg går vidare til å presentere nye resultat vil eg gå raskt gjennom desse.


I kapittelet som tok føre seg tilhøve mellom nynorsk og bokmål viste det seg at majoriteten av elevane, mellom 63 og 90%, meinte at dei tillatne ”bokmålsvariantane” *skole, nå og da*

ikkje er lov i nynorsk. I tillegg meinte 35% (14 elevar) at den ikkje-tillatne varianten *bare* er lov å bruke. Sjølv om semja er mykje breiare kring statusen til ”nynorskvariantane” av desse orda, meiner framleis enkelte av elevane at heller ikkje desse er lov i nynorsk. Dette gjev gode indikasjonar på at elevane sin normtryggleik ikkje alltid er heilt på topp. I kapittel 4.1.4 kunne ein sjå svært mange av elevane vel å bruke talemålsforma *dokke*, anten eksklusivt eller supplert av andre variantar. Det verka på desse resultata også som at langt fleire elevar var medvitne objektsforma *dykk* enn subjektsforma *de*.

For å undersøke elevane sin faktiske kjennskap til normalen vidare vil eg legge fram nokre fleire resultat frå oppgåve 1, som var spesielt utforma for å seie noko om kva elevane meiner høyrer heime i nynorsknorma og ikkje. Her skulle elevane krysse av for om dei meinte ei mengde ord var tillatne eller ikkje i nynorsk.

Mellom anna fekk dei ta stilling til variantane *dokkar* og *dykkar*. Eg var på førehand spent på å sjå om elevane kjente til *dokkar*, då dette er ein relativt ny variant. *Dokkar* er også tilnærma identisk med talemålsvarianten i elevane si dialekt, om ein tek med i rekninga *r*-bortfallet som er vanleg i denne dialekten. Når det kjem til resultatet for *dykkar* var det stor semje om at denne varianten er tillaten i nynorsk, og berre tre elevar meinte det motsette:


Leit fram bøkene (dykkar).



Figur 34 Resultat ”Dykkar”

Resultatet for *dokkar* ser noko annleis ut:

Leit fram bøkene (dokkar).



Figur 35 Resultat ”Dokkar”

Som vist i kapittelet over var det samla på subjekts- og objektsform berre sett eitt kryss for varianten *dokker*, der spørsmålet var kva variantar elevane nyttar sjølve når dei skriv nynorsk. Det kan tenkast at det finnест ein samanheng mellom kjennskap til *dokker* og *dokkar*. Her ser ein at 13 av elevane meiner at *dokkar* er lov i nynorsk. Dette talet er høgare enn forventa. Likevel er det mange som meiner at denne varianten ikkje høyrer til i nynorsknormalen.

Dei samla resultata frå oppgåve 1 viser at elevane samla sett ikkje er heilt trygge på norma og kva ho rommar. Oppgåva inneheld som nemnt 22 variantar, og resultata viser ikkje fullstendig semje på nokon av dei. Berre to av variantane er ikkje tillatne ifølgje normalen, *hennes* og *bare*. Desse meinte høvesvis 7 og 14 elevar at er lov i nynorsk. Det skal nemnast at deltakinga i spørjegranskingsa sette elevane i ein uvand situasjon og at situasjonen i seg sjølv, så vel som måten spørsmåla var stilte på, kan ha påverka korleis elevane svara. Ei av jentene som blei intervjua fortalte at ho synest oppgåve 1 var spesielt vanskeleg, mykje på grunn av korleis ho var utforma:

Intervjuar: Ja? Så bra. Rett før eg sette på opptaket sa du noko om-

Sofie: Å, eg hugsar ikkje.

Intervjuar: Noko om at det var vanskeleg fordi du er vand med å-

Sofie: Åja, fordi eg er vand med å skrive det sjølv.

Intervjuar: Du er vand med å?

Sofie: Å skrive orda sjølv, ikkje å sjå dei slik.

Intervjuar: Ja, men det gjekk stor sett greitt?

Sofie: Ja, eg veit ikkje heilt korleis det gjekk på slutten, men om eg hadde skrive det sjølv, orda, hadde det gått betre.

Sofie meiner her at ho hadde hatt betre høve til å svare rett på spørsmåla dersom ho hadde fått skrive orda sjølv, heller enn å ta stilling til dei slik dei var sett opp i oppgåva. Nettopp dette fekk dei høve til å gjere i oppgåve 3 i spørjeskjemaet. Resultata frå denne oppgåva viste seg å vere svært interessante.

Denne oppgåva bestod som nemnt av berre fire ”spørsmål”. Elevane skulle skrive inn fleirtalsforma av fire ulike ord slik dei sjølv ville gjere det når dei skriv nynorsk. Alle orda i denne oppgåva hadde ein ”make” med tilsvarende bøyingsmønster i oppgåve 1. Først kan ein sjå på *benk* som deler bøyingsmønster med *vegg* i oppgåve 1. Desse har valfri fleirtalsbøyning -*ar-an/-er-ene*.

	Svar	Prosent
Benkane	32	80%
Benkene	0	0,0%
Anna	8	20%
Totalt	40	100%

Tabell 6 Resultat fleirtalsbøyning "Benk"

Her svara 32 av elevane *benkane*, medan ingen svara *benkene*. I oppgåve 1 var det berre to elevar som meinte at *veggene* er lov, medan 38 svara at *veggane* er lov. Dette var det ordet i oppgåve 1 det var absolutt størst semje kring. Dersom ein ser på resultata for *benk* i oppgåve 3 og *vegg* i oppgåve 1 kan ein sjå ein tilsynelatande samanheng.

Vidare representerte høvesvis *båt* og *hane* hannkjønnsord med eineform -*ar/-ane*.

	Svar	Prosent
Båtane	34	85%
*Båtene	0	0%
Anna	6	15%
Totalt	40	100%

Tabell 7 Resultat fleirtalsbøyning "Båt"

Som fleirtalsform av *båt* skrev 34 av elevane inn varianten *båtane*, som også er den einaste tillatte for dette ordet. Ingen svara *båtene*. Til samanlikning meinte 21 elevar at varianten *haner* er lov i nynorsk. Eg stiller meg tvilande til om elevane er medvitne samanhengen mellom desse to orda, i alle fall eksplisitt, men om dei er det viser resultata at det er langt fleire som meiner at -*er*-varianten er tillaten, enn som vil nyte den sjølv.

Det neste ordet var *dugnad*. Ord på *-nad* fekk som tidlegare nemnt valfri fleirtalsbøyning med rettskrivinga av 2012. Det tilsvarande ordet i oppgåve 1 var *søknad*.

	Svar	Prosent
Dugnadar	29	72,5%
Dugnader	3	7,5%
*Dugnada	4	10%
Anna	4	10%
Totalt	40	100%

Tabell 8 Resultat fleirtalsbøyng "Dugnad"

For *dugnad* har 29 elevar valt *dugnadar* som fleirtalsform. Berre 3 svara *dugnader*. Totalt var det åtte svar som ikkje samsvara med dei to tillatne formene, fire av desse var *dugnada*. Dette peiker igjen på *r*-bortfallet som er vanleg i elevane sitt talemål og kan såleis vere eksempel på talemålpåverknad. Når det kjem til *søknad* svara 37 elevar at *søknadar* er lov, medan 11 meinte det same om *søknader*.

Dersom ein samanliknar resultata for desse tre første orda kan ein sjå ein tydeleg preferanse for variantane med *-ar/-ane*. Dette gjer resultatet for det siste ordet desto meir interessant. Det siste ordet var *gorilla*, som deler bøyingsmønster med *sofa* i oppgåve 1. Også denne typen hankjønnsord fekk valfri fleirtalsbøyng med den nye rettskrivinga.

	Svar	Prosent
Gorillaar	5	12,5%
Gorillaer	18	45%
*Gorillar	7	17,5%
*Gorilla	5	12,5%
Anna	5	12,5%
Totalt	40	100%

Tabell 9 Resultat fleirtalsbøyng "Gorilla"

Berre fem elevar svara varianten *gorillaar*, noko som bryt med den tidlegare viste preferansen for -*a*-variantar. I tillegg svara heile 18 elevar *gorillaer*. Sett i lys av resultata frå dei tre føregåande orda er dette svært overraskande.

Ei mogleg forklaring på dette avviket kan vere at konstruksjonen -*aar* verka framand på mange av elevane, og at dei difor heller valde å skrive *gorillaer*. Blant svara var det også sju *gorillar* og fem *gorilla*. Det kan tenkast at desse svara er forsøk på å kome seg rundt konstruksjonen -*aar* utan å velje å skrive *gorillaer*. Det kan òg hende at tanken bak desse to svara er den same, berre at *gorilla* er prega av *r*-bortfall. Ei av jentene som blei intervjuat svara at endingane -*er/-ene* for henne er bokmål og at ho difor vel desse vekk. Likevel hadde ho på spørsmålet ovanfor svara *gorillaer*. På spørsmål om kva ho tenkte rundt dette svara ho følgjande:

Emma: Ja, då blir det vel litt vanskeleg å skrive *gorillaar*, så då tenkjer eg *gorillaer*.

Intervjuar: Ja, er det fordi det ser rart ut med -*aar*?

Emma: Ja, altså- no er eg litt usikker på om det er ein regel på det, men eg kjenner sånn inni meg- at ein ikkje skriv det da. Så då tek ein -*er* når det sluttar på *a*, liksom.

På trass av at så få elevar her har svara *gorillaar*, meinte heile 58% i oppgåve 1 at *sofaar* er lov i nynorsk. Dette kan eventuelt skuldast at dei fann det lettare å ta stilling til *sofaar* som dei fekk det oppstilt, enn å ta eit aktivt val om å skrive *gorillaar*.

Fordelinga av lov/ikkje lov for hannkjønnsorda i oppgåve 1 var varierande, men for alle bortsett frå *sofa* var talet avkryssingar for ”er lov i nynorsk” tydeleg høgare for variantane med -*a*. I tilfellet med *sofa* var fordelinga lik mellom dei to variantane. Dette gjev grunn til å tru at elevane kjenner seg tryggare på *a*-variantane. Tidlegare nemnte eg at det kan verke som at mange av elevane er usikre på ordforrådet i grenseland mellom nynorsk og bokmål, og det er mogleg at dette er eit resultat av nettopp det. Preferansen for -*a*-variantar i eigen bruk kan skuldast innverknad frå eige talemål.

4.2.2 Medvit

Som nemnt tidlegare kan ein ved å måle ulike variablar frå spørjegranskinga opp mot kvarandre potensielt seie noko om elevane sitt medvit kring ulike faktorar. Mellom anna kan ein sjå på kor medvitne elevane er eigen oppfatta kjennskap. I dette legg eg i kva grad elevane er klare over dei vurderingane dei gjer av eigen kjennskap til norma. Eg har allereie nemnt på at det kan verke som at elevane i det daglege vier dette lite tanke.

Dette medvitet kan potensielt kome til uttrykk gjennom valet om å bruke ordbok eller ikkje. Det er til dømes mogleg å tenkje at dei som sjølve vurderer kjennskapen sin til norma som god, ikkje nyttar ordbok like mykje som dei som eventuelt vurderer eigen kjennskap som därleg. Dette går på vurdering av eigne behov. Her må ein likevel ta visse etterhald. Det er som tidlegare nemnt mogleg at elevar som vurderer eigen kjennskap som god gjer nettopp dette på bakgrunn av mykje og god bruk av ordbok. Likevel er det interessant å sjå om ein ved å sjå nærmere på rapportert bruk av ordbok kan seie noko om medvit.

I figurane 36 og 37 under har eg framstilt resultata på spørsmålet ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk” fordelt på dei som svara at dei nyttar ordbok, og dei som svara at dei ikkje nyttar ordbok, for å sjå om det eventuelt finnест ein trend i korleis desse gruppene vurderer eigen kjennskap til normalen.



Figur 36 "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Ja nokre gongar



Figur 37 "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Nei, aldri

Fordelinga i dei to resultata er relativt lik, med unntak av at ingen av dei som ikkje nyttar ordbok svara alternativet ”Veldig”. Sånn sett verkar det ikkje som at bruk av ordbok har mykje å seie for korleis elevane oppfattar eigen kjennskap til norma, eller omvendt.

Dersom ein går djupare inn i den gruppa som sjølve seier at dei ikkje brukar ordbok kan ein plukke ut berre dei som seier at dei ikkje har behov for det. Desse elevane markerer med dette svaralternativet potensielt ein svært god oppfatta kjennskap til norma. Trekkjer ein ut berre desse elevane sine svar på påstanden ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk”, ser resultatet slik ut:




Figur 38 "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk"/ "Kvífor brukar du ikkje ordbok?" - Eg har ikkje behov for det

Fordelinga her er framleis lik det samla resultatet, med ”Litt” som mest svara alternativ, etterfølgd av ”Verken eller”. Ingen har derimot kryssa av for ”Ganske” eller ”Veldig” noko som kan indikere eit visst nivå av medvit til oppfatta kjennskap til norma.


Rapportert bruk av ordbok kan eventuelt også seie oss noko om kor medvitne elevane er den faktiske kjennskapen dei har. Til å granske dette har eg valt ut to variablar frå oppgåve 1 i spørjegranskinga. Den første variabelen eg har valt er *dokkar*. Samla sett meinte 33% av elevane at denne varianten er lov i nynorsk. Resultata for dei som svara høvesvis ”Ja, nokre gongar” og ”Nei, aldri” på spørsmål om bruk av ordbok er presenterte i figurane 39 og 40 under.

Leit fram bøkene (dokkar).



Figur 39 Resultat ”Dokkar”/ ”Brukar du ordbok når du skriv?” - Ja, nokre gongar


Leit fram bøkene (dokkar).



Figur 40 Resultat ”Dokkar”/ ”Brukar du ordbok når du skriv?” - Nei, aldri

Prosentvis er svara her nesten identiske. Med andre ord vil ei samanlikning seie oss svært lite. At 68% av elevane som ikkje brukar ordbok seier at denne varianten ikkje er lov i nynorsk betyr også lite enn så lenge resultata er like for dei som seier at dei nyttar ordbok. Dersom ein trekkjer ut svara frå dei som kryssa av for alternativet ”Eg har ikkje behov for det” på spørsmål om kvifor dei ikkje nytta ordbok, ser resultata slik ut:

Leit fram bøkene (dokkar).




Figur 41 Resultat "Dokkar"/ "Kvífor brukar du ikkje ordbok?" - Eg har ikkje behov for det

Også her er det få trendar å sjå. Likevel er det desse elevane som prosentvis har flest ”rette” svar. Dette *kan* skuldast at desse elevane, samla sett, har betre kjennskap til norma og er medvitne dette. Eventuelt kan det, med så få respondentar, berre vere tilfeldig.


Den andre variabelen eg valde ut er *skole*, og i desse resultata er det større skilnadar å sjå:

Det er viktig å ete før ein går på (skolen).



Figur 42 Resultat "Skole"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Ja, nokre gongar


Det er viktig å ete før ein går på (skolen).



Figur 43 Resultat "Skole"/ "Brukar du ordbok når du skriv?" - Nei, aldri

Majoriteten i begge grupper meiner at *skole* ikkje er lov i nynorsk, men prosentandelen er noko større for gruppa som ikkje brukar ordbok. Heile 95% av desse meiner at denne varianten ikkje er lov i nynorsk, og om vi trekkjer ut dei som i tillegg svara at dei ikkje har behov for ordbok blir resultata enda meir betydelege. Av desse er det nemleg 100% som meiner at *skole* ikkje er lov i nynorsk, samanlikna med 85% på heile trinnet.

Det er viktig å ete før ein går på (skolen).




Figur 44 Resultat "Skole"/ "Kvífor brukar du ikkje ordbok?" - Eg har ikkje behov for det

Desse elevane viser at dei ikkje har kjennskap til denne varianten, og om ein går ut i frå at ”Eg har ikkje behov for det” kan jamstilla med oppfatta god kjennskap, kan ein seie at dei manglar litt på medvit til eigen kjennskap.


For å vidare granske medvit kring faktisk kjennskap vil eg nytte dei same to variablene som ovanfor og krysse dei med resultata for påstanden ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk”. Eg har delt svara frå denne påstanden inn i tre grupper: *Ikkje i det heile + Litt, Verken eller og Ganske + Veldig*. Resultata for variabelen *skole* er framstilt under:

Det er viktig å ete før ein går på (skolen).




Figur 45 Resultat "Skole"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ikkje i det heile + Litt

Det er viktig å ete før ein går på (skolen).



Figur 46 Resultat "Skole"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ganske + Veldig

Det er viktig å ete før ein går på (skolen).




Figur 47 Resultat "Skole"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Verken eller

På tvers av gruppene er svara prosentmessig svært like, og gjev meg såleis ikkje mykje å gå på når det kjem til å finne ut noko om medvit. Det som er av størst interesse er sjølvsagt at dei som svara ”Ikkje i det heile” eller ”Litt” på påstanden ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk” ikkje syner noko særleg betre kjennskap til norma enn dei som har valt dei andre alternativa. Totalt på trinnet var det seks elevar som svara ”Ikkje i det heile” på denne påstanden. Av desse svara fem at *skole* ikkje er lov i nynorsk. Dette kan tyde på lågt medvit kring eigen kjennskap.

Som enkeltståande resultat kan det verke som at elevane i gruppa *Ganske + Veldig* syner høgt medvit. Dei har vurdert eigen kjennskap til norma som mindre god og viser prosentmessig mangelfull faktisk kjennskap. Desse resultata betyr likevel ikkje særleg mykje, all den tid dei andre gruppene viser tilsvarende resultat.


Resultata for den andre variabelen, *dokkar*, er framstilt i figurane 48-50 under.

Leit fram bøkene (dokkar).




Figur 48 Resultat "Dokkar"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ikkje i det heile + Litt

Leit fram bøkene (dokkar).



Figur 49 Resultat "Dokkar"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Ganske + Veldig

Leit fram bøkene (dokkar).



Figur 50 Resultat "Dokkar"/ "Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje i nynorsk" - Verken eller

Resultata for denne variabelen er omrent som for den førre, med unntak av ein litt høgare prosentdel avkryssingar for ”Er lov i nynorsk” hjå gruppa *Ikkje i det heile + Litt*. For denne variabelen er det denne gruppa som viser best kjennskap til norma, sjølv om det framleis verkar å mangle noko på normtryggleiken. Det er også viktig å nemne at denne gruppa er langt størst, og at fleire individ naturleg nok kan føre til meir breidde i svara.

Totalt sett kan ein seie at det er vanskeleg å sjå trendar i svara til elevane i høve medvit. Det er mogleg at ein kunne funne meir å ta tak i dersom ein hadde studert enda fleire variablar, men ettersom medvit ikkje er hovudfokus i denne oppgåva vil eg ikkje gå lenger i å finne ut noko om dette.

Nokre av elevane som blei intervjuet indikerte at deltakinga i granskingshadde vore spanande, mellom anna fordi dei blei meir medvitne eigne val og eigen språkbruk:

Sara: Det var på ein måte litt interessant og-- litt ”oppvekkande” for eg visste ikkje heilt kva eg gjorde og sånne ting-- så då fekk eg litt- vite om- kor mykje eg brukar nynorsk, og bokmål og dialekten min, da-- når eg skriv

5. KONKLUSJON

Det overordna målet med dette prosjektet var å få djupare innsikt i kva for oppfatningar unge nynorskbrukarar har av den offisielle nynorsknormalen. I dette målet låg også ønsket om å lære noko om den eventuelle korrespondansen mellom oppfatta og faktisk norm og kjennskap. Eit prosjekt av dette storleiken gjev ikkje rom for å granske det totale omfanget av verken elevane sine normoppfatningar eller normkunnskapar. Såleis har det vore naudsynt å avgrense graskingsområdet. Dette prosjektet har altså freista å få djupare innsikt i elevane sine oppfatningar med omsyn til, og ved å granske ulike variablar innanfor, dei følgjande punkta skildra i kapittel 3.1.3:

- *Haldning*
- *Oppfatta norm og kjennskap*
- *Tilhøve mellom nynorsk og høvesvis bokmål og talemål*
- *Normtryggleik, faktisk bruk og medvit*

I dette kapittelet vil eg først forsøke å avslutte diskusjonen frå førre kapittel ved å samanfatte og tydeleggjere dei viktigaste funna. Deretter vil eg forsøke å seie noko om dei samla funna i høve til problemstillinga.

5.1 Funna

Haldning

I dette delkapittelet blei det presentert resultat knytt til haldningar til hovudmålet nynorsk og til korrekt språkbruk. Vidare blei også elevane sine meiningar om korleis norma *bør* sjå ut i høve valfridom, korrespondanse mellom skrift og tale og tilhøve mellom nynorsk og bokmål drøfta. Dette blei brukt til å seie noko om kva haldningar elevane tilsynelatande har til norma slik ho faktisk er.

Det viste seg at majoriteten av elevane meiner seg nøgde med nynorsk som hovudmål, og at talet på dei som kjenner seg sikre på at dei vil bytte vekk nynorsken er svært lite. Ein av dei seks elevane som ikkje var nøgde med nynorsk som hovudmål fortalte at ho fann nynorsk gammalt, framandt og vanskeleg. Resten av dei intervjua elevane viste frå nøytrale til

positive haldningar til nynorsk. Fleire av dei kom med ytringar som indikerte at dei til ein viss grad identifiserer seg med nynorsk. Rundt 50% av elevane svara at det er viktig for dei å skrive rett nynorsk, eit tal som kanskje kunne vore høgare om det hadde vore tatt omsyn til distinksjonen mellom *viktig å skrive rett nynorsk* og *viktig å kunne skrive rett nynorsk*. Gjennom intervjua kom det tydeleg fram at verdien av korrekt språkbruk for mange er avhengig av om dei blir vurderte eller ikkje.

I gjennomgangen av korleis elevane meiner norma *bør* sjå ut, basert på fire alternativ med ulike omsyn, viste det seg at fleirtalet av elevane meiner at det burde vere rom for å tilpasse skriftspråket til dialekten sin, og/eller at nynorsknormalen burde bli tilnærma i retning bokmål. Den gjeldande nynorsknormalen tillét begge desse tilpassingane til ei viss grad. Spørsmålet blir såleis om elevane ikkje er medvitne dette, eller om dei ynskjer seg enda større moglegheiter.

Oppfatta norm og valfridom

Påstanden ”Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er lov eller ikkje i nynorsk” kunne i høve oppfatta kjennskap seie oss noko om korleis elevane vurderer eigen kjennskap til nynorsknormalen. Dei aller fleste svara at dei synest dette er *litt* vanskeleg. Slik svaralternativet opphavleg var meint, tyder dette på at mange vurderer eigen kjennskap til norma som god. Kva elevane faktisk har lagt i dei ulike svaralternativa er noko heilt anna. Det er dømesvis mogleg at nivået av oppfatta kunnskap varierer veldig berre innanfor svaralternativet dette eine svaralternativet. Likevel var alternativa graderte, og eg vel såleis å tolke dei i si opphavlege tyding. Etter denne tolkinga vurderer majoriteten av elevane eigen kjennskap som relativt god. Det kom derimot fram at elevane truleg tenkjer lite over eigen kjennskap i det daglege. Det viste seg også at under halvparten av elevane brukar ordbok når dei skriv. I alle fall ifølgje dei sjølve. Heile ti elevar svara i tillegg at dei ikkje har behov for ordbok. Dette går på sett og vis overeins med tolkinga ovanfor. Likevel kan den mangelfulle ordbokbruken hjå mange like gjerne skuldast at dei ikkje er spesielt opptekne av korrekt språkbruk.

Det kom tydeleg fram at elevane er usikre på valfridomen, og av dei intervjua elevane var det mest ingen som visste kva valfridom inneber. Likevel kunne fleire svare at dei til ei viss grad tilpassar skriftspråket og såleis nyttar seg av han. På påstanden ”I løpet av skulegangen har eg

utvikla min eigen måte å skrive nynorsk på” var svara svært sprikande, og ei manglande innsikt i kva elevane sjølve har lagt i formuleringa gjer resultata vanskelege å tolke. Det var ei viss semje blant dei intervjua elevane om at valfridomen kan vere ein fordel, men berre dersom moglegheitene og avgrensingane er tydeleg formulerte.

Tilhøve mellom nynorsk og bokmål

Ved å sjå på tre ulike variablar som samanlikna vanskegraden i nynorsk og bokmål kom det fram at fleirtalet av elevane meiner at dei to skriftspråka stiller likt i dette høvet. Av dei resterande elevane meinte flest at nynorsk er vanskelegare enn bokmål. Dette blei underbyggja av svara på spørsmålet ”Når har du mest bruk for ordbok?”. På dette spørsmålet svara 67% at dei brukar ordbok like ofte når dei skriv bokmål som når dei skriv nynorsk.

Eit svært høgt tal av elevane svara at dei trur dei blandar inn bokmål når dei skriv nynorsk. Ein rask sjekk av resultata på fire variablar frå spørjegranskinga viste at bokmålsord førekjem, men i heller låg utstrekning. Dette var likevel berre meint som ei stikkprøve, og desse resultata kan ikkje nyttast til å seie noko om elevane sin heilskaplege språkbruk. På spørsmål om dei kan bli usikre av ord som høyrest ut som bokmålsord var svara svært spreidde og det var ikkje noko særleg overvekt av svar på nokon av alternativa. Likevel svara fleire av elevane at dei kjende på denne usikkerheita. Her la eg fram ein teori om at usikkerheit knytt til bokmålsnære ord og variantar potensielt kan leie til at ein tek avstand frå desse, i frykt for å gjere feil. Gjennom å sjå på fire variablar frå spørjeskjemaet kom eg fram til at elevane er usikre på kva bokmålsnære variantar som høyrer heime i nynorsknormalen og ikkje. Det store fleirtalet svara, feilaktig, at tre av desse variantane ikkje er tillatne i nynorsk. At dette har bakgrunn at dei tek aktiv avstand frå bokmålsnære variantar for å unngå normbrot er ei moglegheit, men ikkje noko ein kan konkludere med.

Tilhøve mellom nynorsk og talemål

Brorparten av elevane kunne fortelje at dei i ei eller anna grad brukar dialekt når dei noterer i timane. Dette gjev grunn til å tru at dei brukar dialekt i skrift også i andre samanhengar.

Dersom elevane er vande med eit talemålsnært skriftspråk utanfor skulen er det mogleg at dette bidreg til ein auka talemålsinnverknad på nynorsken.

Overraskande få svara at dei blir usikre i møte med dialektord. Likevel svara 83% at dei trur dei blandar inn sitt eige talemål når dei skriv nynorsk. Ei av jentene fortalte i intervjuet sitt at ho trudde klassen generelt på sett og vis kvila på å ha ei nynorsknær dialekt. Det viste seg også at eit overraskande høgt tal av elevane nytta dei talemålsnære formene som var inkluderte i spørjeskjemaet. Spesielt utmerkte talet av elevar som seier at dei nyttar varianten *dokke* seg. Dette talet var høgare i subjektsposisjon enn i objektsposisjon. I tillegg hadde 17 elevar kryssa av for at dei nyttar talemålsvarianten *noken* når dei skriv nynorsk. Dette viser tydeleg at elevane har innslag av talemålsvariantar i nynorsken sin, men det er vanskeleg å seie om dette handlar om direkte talemålsinnverknad eller medvitens bruk.

Normtryggleik, faktisk bruk og medvit

I kapittelet om normtryggleik og faktisk bruk blei enkelte av trådane frå tidlegare kapittel plukka opp att, og enkelte nye resultat lagt fram. Samla sett viste resultata frå dei kunnskapsgranskande spørsmåla at elevane manglar litt på normtryggleiken, spesielt når det kjem til talemåls- eller bokmålsvariantar, eventuelt variantar som kan seiast å vere relativt nye. Oppgåve 1 i spørjegranskinga viste at elevane generelt sett er usikre på kva variantar som høyrer til i nynorsknormalen og ikkje.

Svara på den siste oppgåva i spørjeskjemaet viste at elevane, tilsynelatande, har ein klår preferanse for bøyingsendingane *-ar/-ane* for fleirtalsbøyning av hannkjønnsord. Denne trenden blei broten av resultata for ordet *gorilla*, der nesten halvparten av elevane hadde svara med *-er*. Dette kan truleg skuldast manglande kjennskap til konstruksjonen *-aar*. Å seie noko om medvitet til elevane viste seg å vere vanskeleg. Ein kan sjølv sagt kome med gissingar og teoriar baserte på resultata i dette kapittelet, men å konkludere med noko er mest umogleg.

5.2 Problemstillinga

Problemstillinga som var sett føre for dette prosjektet var den følgjande:

- 1. Samsvarar elevane sin oppfatta normal med den faktiske normalen?*
- 2. Samsvarar elevane sin oppfatta kjennskap med den faktiske kjennskapen dei viser?*

Gjennom resultata i kapittel 4 har vi fått eit visst innsyn i korleis delar av norma ser ut i elevane sine auger, kva dei sjølve meiner å kunne i samband med normalen og kva dei faktisk verkar å kunne. For å seie noko meir direkte om funna i høve problemstillinga, vil eg forsøke å svare på kvart av dei. Det er viktig å hugse at hensikta med denne problemstillinga ikkje var å kome fram til tydelege svar på dei to spørsmåla, men heller å belyse det dei rommar.

Samsvarar elevane sin oppfatta normal med den faktiske normalen?

Fleire av spørsmåla i spørjegranskninga tok føre seg aspekt ved elevane sin oppfatta normal, og spesielt spørsmålet om kva variantar elevane meiner høyrer til i normalen er godt dekka. Gjennom den første oppgåva i spørjeskjemaet kom det tydeleg fram at elevane, samla sett, ikkje sit på den heilt store normtryggleiken, noko som betyr at dei ikkje er trygge på kva normalen rommar. Vidare har funna vist teikn på mogleg talemålsinnverknad og aktiv avstand til bokmålsord. I dette ligg det at elevane gjer feilaktige vurderingar av kva som er tillate og ikkje tillate i skriftnormalen. Det kan også verke som at få av elevane er medvitne moglegheitene innanfor nynorsk, noko som potensielt kan meine at skriftnormalen, for elevane, står fram som snevrare enn han eigentleg er. Ut frå dette er det grunn til å hevde at elevane sin oppfatta normal ikkje heilt samsvarar med den faktiske nynorsknormalen, i alle fall på dei områda som har vore granska gjennom dette prosjektet.

Å rette seg etter ein slik oppfatta normal påverkar naturleg nok elevane sin oppfatta kjennskap til norma. Noko som leiar oss vidare til neste spørsmål:

Samsvarar elevane sin oppfatta kjennskap med den faktiske kjennskapen dei viser?

Ved å følgje ein oppfatta normal som på enkelte punkt avvik frå den faktiske normalen kan ein risikere å kjenne seg relativt trygg i eigen kjennskap, utan at det nødvendigvis blir spegla i form av faktisk kjennskap. Om ein ser på resultata frå kapittelet om oppfatta kjennskap under eitt vurderer tilsynelatande mange eigen kjennskap til norma som god. Som omtala tidlegare i kapittelet verkar elevane sin faktiske kjennskap til norma derimot å vere noko manglande. Elevane har mellom anna vist at dei er utrygge på kva variantar dei kan velje og ikkje i nynorsk, og dei gjer fleire ukorrekte vurderingar av kva variantar normalen rommar. Slik det går fram av resultata her manglar ein grunnlag for å seie at oppfatta og faktisk kjennskap samsvarer.

Gjennom analysen av resultata har elevane sine svar vore sett på under eitt. Spørsmåla i problemstillinga er såleis forsøkt svara på ut frå dette. Det er mogleg at ein gjennom å granske enkeltelevar sine svar ville funne gode eksempel på samsvar mellom oppfatningar og verkelegheit, men samla sett må ein seie at trendane i funna leiar ein mot eit "Nei" som svar på begge spørsmål.

5.3 Metodiske refleksjonar

Ved gjennomføringa av ei slik gransking er det mange metodiske omsyn å ta. Eitt av desse handlar om balansegangen når det kjem til omfang. Som nemnt er ikkje resultata i denne granskings representative, til det er det for få respondentar. Eg visste tidleg at eg ville ha med eit kvalitativt element i granskingsa for å eventuelt kunne få djupare innsikt i enkelte av spørsmåla. Det er trass alt ikkje alt som er like lett å formulere gjennom eit spørjeskjema, verken for forskar eller respondentar. Med den tida eg hadde til råds kjende eg at eg måtte velje mellom det kvalitative elementet og eit representativt utval. Valet fell, som sett, på førstnemnde. Om dette var det rette valet å ta med omsyn til kvalitet er ikkje lett å seie. Likevel er eg glad for at eg valde å gjennomføre intervju. Refleksjonsnivået til elevane imponerte meg, og eg meiner klårt at dei intervjua elevane har hjelpt meg til å få betre innsikt i svara frå spørjeskjemaet. Ved fleire tilfelle kom dei med synspunkt og forklaringar eg truleg aldri ville tenkt på sjølv, og såleis har dei i stor grad bidrige til eit meir heilskapleg syn på resultata.

Det er også mykje å tenke på når det kjem til kontakt med respondentar. Mellom anna er dette med å unngå å leie intervjuobjekt i svara sine viktig. Dette hadde eg tenkt mykje på i forkant av gjennomføringa. Det eg derimot ikkje hadde tenkt noko særleg over var mi eiga ro i rolla som intervjuar. Dette har resultert i at intervjeta enkelte stadar ber litt preg av hast. Dette er ikkje fordi eg hadde dårleg tid, men fordi eg heile tida var veldig fokusert på korleis elevane oppfatta intervjustituasjonen, og om dei eventuelt fann han ukomfortabel. Dette kan mellom anna ha ført til at eg hoppa litt for fort vidare i enkelte situasjonar. Der ein vand intervjuar kanskje ville stoppa opp og gitt eleven tid til å tenkje seg om, eller oppmuntra respondenten til å fortsette med stille, gjekk eg heller vidare i frykt for at elevane fann situasjonen ubehageleg. Potensielt kan dette ha ført til at eg har fått mindre ut av intervjuobjekta enn det dei hadde å kome med.

Å vere medviten sitt eige engasjement som forskar er også svært viktig. Dette for å sikre at engasjementet ikkje kjem i vegen for problemstillinga. Ettersom eg først og fremst var interessert i å observere trur eg ikkje at engasjementet mitt har påverka resultata i noko nemneverdig grad. Likevel kan ein truleg sjå delar av dette engasjementet i spørjeskjemaet. På førehand var eg spesielt interessert i å finne ut kva haldningar og eventuelt bruksmønster elevane viste i høve varianten *dokker*. Årsaken til dette kan nok seiast å vere motivert av min eigen skepsis til denne varianten. Tilsynelatande var det få av elevane som i det heile tatt var medvitne denne varianten, og såleis oppstod det heller ikkje noko problem i analysen av resultata knytt til denne variabelen, då desse blei mindre viktige.

Om eg skulle gjennomført ei liknande gransking i framtida ville eg tatt meg betre tid i førearbeidet. Ei tydeleg problemstilling og eit klårt bilet av kva ein ynskjer å granske gjer vidare arbeid mykje enklare. Mellom anna hadde det vore til stor hjelp i utarbeidinga av spørjeskjemaet. Med meir spissa og gjennomarbeidde spørsmål kunne eg truleg korta ned spørjeskjemaet betydeleg, og såleis hatt moglegheit til å vie meir tid, og plass, til kvart av resultata, både i etterarbeidet og i sjølve oppgåva. Svaralternativa i spørjeskjemaet kunne også vore meir gjennomtenkte. Som eg allereie har vore inne på er eg usikker på om alternativa *litt* og *ganske* er ulike nok til at det utgjer ein forskjell. Eg er heller ikkje sikker på om å nytte alternativet *verken eller* har vore til nokon fordel. Tanken bak dette alternativet var at dei som ikkje fann noko alternativ som passa for dei skulle ha noko å svare. I ettertid er eg usikker på om dette heller har vore eit lettvint alternativ for dei som ikkje ynskjer eller orkar å ta stilling til spørsmåla.

6. AVRUNDING

Denne oppgåva har forsøkt å gjere greie for kva oppfatningar unge nynorskbrukarar har av ei norm som er utforma med nettopp dei i tankane. Gjennom resultata frå spørjegranskinga og utsegner frå intervjuet har det kome fram at oppfatninga ikkje nødvendigvis samsvarer med verkelegheita. Funna fortel om ein oppfatta nynorsknorma blant elevane som på enkelte punkt avvik frå den gjeldande skriftnormalen, og elevane viser ei usikkerheit knytt til både kva norma rommar og korleis ho kan nyttast. Dette blir tydeleggjort gjennom elevane sine vurderingar av kva variantar som høyrer til i nynorsknorma og ikkje. Resultata har også vist at elevane har ei oppfatning av eigen kjennskap som er betre enn dei kjennskapen dei faktisk viser. Avslutningsvis er det viktig å nemne at berre ein liten del av elevane sin oppfatta norm og kjennskap har vore granska, og at funna ikkje kan omtalast som anna enn indikasjonar. For å konkludere med noko på desse punkta treng ein både langt fleire respondentar og mykje større datagrunnlag.

Tittelen på oppgåva, ”Litt vanskeleg og litt keisamt, eigentleg”, er eit sitat frå eitt av intervjuet som på mange måtar er beskrivande for delar av oppfatningane elevane har av nynorsk, kanskje først og fremst som hovudmål. Elevane har til dels ytra, men primært vist, at nynorsk ikkje alltid er like lett. Det verkar som at majoriteten av elevane knyter nynorsk til skule og skulearbeid, og i møte med dei var det lett å sjå, mellom anna gjennom engasjementet i intervjuet, at nynorsk kanskje ikkje er det kjekkaste dei veit. Det skal likevel nemnast at mange av elevane verka å ha ei positiv haldning til nynorsk, og at dei jamt over er nøgde med hovudmålet sitt.

LITTERATUR

Akselberg, G. (1999) Valfridomen i nynorsk. I: Omdal, H. red. *Språkbrukeren - fri til å velge. Artikler om homogen og heterogen språknorm.* Kristiansand: Høgskolen i Agder, 9-22

Berg, C. M. (1999) Valfridomen og eleven. Om korleis nokre elevar i vidaregåande skule opplever ein vid skriftnormal i praksis. I: Omdal, H. red. *Språkbrukeren – fri til å velge. Artikler om homogen og heterogen språknorm.* Kristiansand: Høgskolen i Agder, 45-59

Bokmålsordboka | Nynorskordboka Tilgjengeleg frå: <<http://ordbok.uib.no>>

Brunstad, E. (2000) Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språkforskinga. I: Brodersen, R.B og Kinn, T. red. *Språkvitskap og vitskapsteori. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg.* Larvik: Ariadne forlag, 46-68

Brunstad, E. (2009) Kva er god nynorsk språkføring? I: Omdal, H. og Røsstad, R. red. *Språknormering - tide og utide?* Kristiansand: Novus forlag, 91-108

Dyvik, H. (2003) Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning? I: Omdal, H og Røsstad, R. red. *Krefter og motkrefter i språknormeringa: om språknormer i teori og praksis.* Kristiansand: Høyskoleforlaget, 25-40

Fiskerstrand, P. (2008) *Den internaliserte nynorsknormalen.* [Masteroppgåve] Kristiansand: Universitetet i Agder

Gentikow, B. (2005) *Hvordan utforsker man medieerfaringer? Kvalitativ metode.* Kristiansand: IJ-forlaget AS

Haugen, E. (1966) *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian.* Massachusetts: Cambridge

Haugen, E. (1972) *The Ecology of Language: Essays: Selected and introduced by Anwar S. Dil.* Stanford: Stanford University Press

Haugen, E. (1983) The Implementation og Corpus Planning: Theory and Practice I: Cobarrubias, J og Fishman, J. A. red. *Progress in Language Planning. International Perspectives*. Mouton Publishers, 269-290

Johansen, R. (1999) Bruk av talemålsnære skriftspråksformer i bokmål hos ungdomsskulelever. I: Omdal, H. red. *Språkbrukeren - fri til å velge. Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder, 122-136

Kinn, T. (2011) *Alternativ til pronomenet de-dykk og possessivet dykker* [Upublisert manuskript]. Universitetet i Bergen

Kulbrandstad, L. A (2015) Språkholdninger. *NOA norsk som andrespråk*. 30 (1-2), 247-28

Kvale, S. og Brinkmann, S. (2009) Det kvalitative forskningsintervju. Oslo: Gyldendal Akademisk

Mæhlum, B. (2008) Normer. I: Mæhlum, B, Akselberg, G, Røyneland, U og Sandøy, H. *Språkmøte*. Cappelen Damm AS, 89-103

Omdal, H og Vikør, L. S. (1996) *Språknormer i Norge: normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. LNU og Cappelen Akademisk Forlag as

Omdal, H. (1999) Språknormsikkerhet i bokmål og nynorsk. I: Omdal, H. red. *Språkbrukeren - fri til å velge. Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder 181-195

Omdal, H og Røsstad, R (2009) Språknormering - i tide og utide? Innleing. I: Omdal, H. og Røsstad, R. red. *Språknormering - tide og utide?* Kristiansand: Novus forlag, 9-14

Rosén, V. (2000) Er norsk et naturlig språk? I: Andersen, Ø; Fløttum, K.; Kinn, T. (red.) *Menneske, språk og felleskap* (ss. 157-174). Novus Forlag

Rubin, J og Jernudd, B, H. (1971) *Can language be planned?: Sociolinguistic theory and practice for developing nations*. Honolulu: University Press of Hawaii.

Røyneland, U. (2008) Språk og dialekt. I: Mæhlum, B, Akselberg, G, Røyneland, U og Sandøy, H. *Språkmøte*. Cappelen Damm AS, 89-103

Selback, B (2001) "Det er heilt naturleg" - Ei gransking av skriftspråkshandlingar [Upublisert hovedfagsavhandling]. Universitetet i Bergen

Språkrådet (2002) Granskingar av valfridomen i nynorsk. *Språknytt*. 30 (3-4), 30-35

Språkrådet (2011) *Ny rettskriving for 2000-talet - Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*. [Internett] Språkrådet. Tilgjengeleg frå: <<http://www.sprakradet.no/upload/Rettskrivningsnemnda/Innstilling%20nynorsk.pdf>> [30.04.17]

Språkrådet (2012) *Ny nynorskrettskriving frå 2012*. [Internett] Oslo: Språkrådet. Tilgjengeleg frå: <http://www.sprakradet.no/upload/brosjyrer/ny%20nynorskrettskriving.pdf> [30.04.17]

Språkrådet (2015) *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*. [Internett] Språkrådet. Tilgjengeleg frå: <<http://www.sprakradet.no/globalassets/sprakavare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf>> [24.07.18]

Thurén, T. (2009) *Vitenskapsteori for nybegynnere*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Tjora, A. (2017) *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Vannebo, K. I (1980) Om språkvitenskapens norm-begrep. *TijdSchrift voor Skandinavistiek*, Vol. 1 (1)

Vikør, L. S. (2007) *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus forlag

Aanes, A. (2009) *Valfridom i nynorsk – eit problem for eleven?* I Klamme former og særskrivning? Oslo: Språkrådet

Aasen, I. (1858) Om Sprogets Dyrkning I: Djupedal, R. red. *Ivar Aasen Brev og dagbøker* [Band 2.] Oslo: Det Norske Samlaget